



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# Meld. St. 14

(2009–2010)

Melding til Stortinget

---

## Noregs deltaking i Europarådet i 2009







DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# Meld. St. 14

(2009–2010)

Melding til Stortinget

---

Noregs deltaking i Europarådet i 2009



# Innhald

<b>1</b>	<b>Politiske hovudspørsmål og prioriteringar</b> .....	5	<b>6</b>	<b>Helse og sosiale spørsmål</b> .....	34
			6.1	Folkehelse.....	34
			6.2	Bioetikk.....	34
<b>2</b>	<b>Det politiske samarbeidet i Ministerkomiteen</b> .....	13	6.3	Narkotikasamarbeidet .....	35
2.1	Arbeidet i Ministerkomiteen .....	13	6.4	Den reviderte europeiske sosialpakta .....	35
2.2	Ministerkomiteens arbeid med menneskerettane .....	14	6.5	Sosial utjamning og sosialpolitikk .....	36
2.3	Samarbeidet med EU, OSSE og FN ...	15	<b>7</b>	<b>Nasjonale minoritetar. Migrasjons- og integreringsspørsmål</b> .....	37
2.4	Arbeidet til Europarådet i medlemslanda.....	15	7.1	Nasjonale minoritetar.	
2.5	Budsjettet .....	19	7.2	Minoritetspråk .....	37
<b>3</b>	<b>Menneskerettar og demokratibyggning</b> .....	20		Migrasjon og integreringsspørsmål....	37
3.1	Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD).....	20	<b>8</b>	<b>Barn og ungdom</b> .....	38
3.2	Saker mot Noreg ved Menneskerettsdomstolen.....	22	8.1	Barne- og familiepolitisk samarbeid....	38
3.3	Den europeiske menneskerettskommisjæren.....	23	8.2	Ungdomspolitisk samarbeid .....	38
3.4	Den europeiske torturovervakingskomiteen (CPT) .....	24	<b>9</b>	<b>Idrett, kultur og media</b> .....	40
3.5	Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving (Venezia-kommisjonen) .....	25	9.1	Idrett .....	40
3.6	Europarådets kommisjon mot rasisme og intoleranse (ECRI).....	25	9.2	Kultur.....	40
3.7	Europarådets utviklingsbank (CEB) ..	26	9.3	Media og nye kommunikasjonstenester .....	40
3.8	Forum for demokrati (FFD) .....	26	<b>10</b>	<b>Utdanning og forskning</b> .....	43
<b>4</b>	<b>Det faglege samarbeidet på hovudområda. Menneskerettar og likestilling</b> .....	28	10.1	Høgare utdanning og forskning.....	43
4.1	Menneskerettar .....	28	10.2	Skule og opplæring .....	43
4.2	Likestilling.....	28	10.3	Det europeiske Wergelandsenteret ...	44
4.3	Menneskehandel .....	28	<b>11</b>	<b>Kulturminneforvaltning og naturforvaltning</b> .....	45
4.4	Vald mot kvinner og vald i heimen....	29	<b>12</b>	<b>Regionalt og kommunalt samarbeid</b> .....	46
4.5	Livskvalitet og rettar for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (lhbt) .....	30	<b>13</b>	<b>Dyrevern</b> .....	48
<b>5</b>	<b>Juridisk samarbeid</b> .....	31	<b>Vedlegg</b>		
5.1	Sivilrettsleg samarbeid.....	31	1	Innlegg av utanriksminister Jonas Gahr Støre på det 119. ministermøtet i Europarådet, Madrid 12. mai 2009.....	49
5.2	Strafferettsleg samarbeid.....	31	2	Norsk tilmelding til Europarådskonvensjonar i 2009 .....	51
5.3	Folkerettsleg samarbeid .....	31	3	Generelle tilrådingar frå Ministerkomiteen til medlemsstatane i 2009 .....	52
5.4	Internasjonal terrorisme .....	32			
5.5	Kampen mot korrupsjon.....	33			





DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# Meld. St. 14

(2009–2010)

Melding til Stortinget

---

## Noregs deltaking i Europarådet i 2009

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 30. april 2010,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Politiske hovudspørsmål og prioriteringar

Europarådet er den eldste av dei store europeiske samarbeidsinstitusjonane og markerte i 2009 60-årsjubileet sitt. Samarbeidet i organisasjonen har som hovudmålsetjing å fremje demokrati, rettsstaten og respekt for menneskerettane i heile Europa. Gjennom eit breitt samarbeid på desse områda vert det lagt eit solid grunnlag for fred og tryggleik i verdsdelen vår.

Dei overordna prioriteringane for arbeidet til regjeringa i Europarådet er å fremje kjerneverdiar til organisasjonen – demokrati, rettsstat og menneskerettar. Regjeringa legg stor vekt på gjennomføringa av handlingsplanen frå Europarådets tredje toppmøte i Warszawa i mai 2005. Handlingsplanen er retningsgjevande for arbeidet i organisasjonen.

Arbeidet til regjeringa i Europarådet i 2009 hadde hovudfokus på

- styrking av det europeiske menneskerettssystemet,
- støtte til demokratiarbeidet i medlemslanda,
- utvikling av samarbeidet med EU og OSSE,
- tverrkulturell dialog,
- reform av Europarådets organisasjon, og

- fremjing av stortingspresident Thorbjørn Jaglands kandidatur til generalsekretærstillinga i Europarådet.

Samarbeidet i Europarådet er i dag i stor grad prega av at Russland og land i Sentral- og Aust-Europa, i tillegg til Sør-Kaukasus, er blitt medlemmer. Det store talet på klagar til Den europeiske menneskerettsdomstolen, særleg frå dei nye medlemslanda, set Europarådets menneskerettssystem under press. Konflikten i Georgia har vist at Europarådet framleis har omfattande oppgåver i fleire av dei nye medlemslanda. Det er vidare krevjande politiske oppgåver i forholdet til EU og eit stort behov for indre reformer i organisasjonen. I 2009 var samarbeidet òg prega av valet på ny generalsekretær i organisasjonen etter briten Terry Davis.

*Generalsekretærvalet.*

Dåverande stortingspresident Thorbjørn Jagland vart 29. september 2009 vald til ny generalsekretær i Europarådet med absolutt fleirtal i første valomgang. Det er første gang ein nordmann har

denne stillinga. Røystetala ved valet i Parlamentariskarforsamlinga var 165 for Thorbjørn Jagland mot 80 røyster for den polske kandidaten, tidlegare statsminister Cimoszewicz.

Generalsekretæren leier sekretariatet i Europarådet med rundt 1800 tilsette i Strasbourg og 200 i felten, og spelar ei viktig rolle som dialogpartnar i det europeiske samarbeidet. Mandatperioden er 5 år.

Ministerkomiteen i Europarådet vedtok i mai 2008, på grunnlag av tilrådingar i ein rapport frå Luxembourgs statsminister Jean-Claude Juncker, at kandidatar til stillinga som generalsekretær i framtida skal ha erfaring på regjeringssjefs nivå eller frå anna stilling på høgt politisk nivå. Stillinga vil difor i framtida vere meir på linje med tilsvarande leiarstillingar i andre organisasjonar som EU og NATO.

På bakgrunn av dei store utfordringane Europarådet står overfor, saman med ønsket om å styrkje generalsekretærstillinga, vedtok regjeringa sommaren 2008 å be stortingspresident Thorbjørn Jagland om å stille som norsk kandidat til stillinga som generalsekretær. Arbeidet med å fremje kandidaturet hans var ei prioritert oppgåve etter lanseringa i september 2008 og fram til valet i september 2009.

Det er Parlamentariskarforsamlinga i Europarådet som velgjer generalsekretær blant dei kandidatane som vert innstilte av Ministerkomiteen. Fire regjeringar nominerte kandidatar til ny generalsekretær (Belgia, Noreg, Polen og Ungarn). Berre dei kandidatane som fekk oppslutning i Ministerkomiteen frå minst 2/3 av medlemslanda, vart innstilte overfor Parlamentariskarforsamlinga. Ministerkomiteen vedtok med klart fleirtal å innstille to kandidatar, nemleg Thorbjørn Jagland og den polske kandidaten. Også ved denne avrøystinga fekk Jagland flest røyster.

Det har vore ein lang tradisjon i Europarådet at generalsekretæren vert rekruttert blant leiara i Parlamentariskarforsamlinga. Mange av leiara i Parlamentariskarforsamlinga arbeidde aktivt for å vidareføre denne tradisjonen ved å gå inn for at kandidatane frå Parlamentariskarforsamlinga (frå Belgia og Ungarn) òg skulle innstillast av Ministerkomiteen. Eit knapt fleirtal i Parlamentariskarforsamlinga (98 mot 90) lukkast i første omgang med å få utsett generalsekretærvalet frå junisesjonen til septemberseksjonen i Parlamentariskarforsamlinga. Denne utsetjinga endra likevel ikkje på innstillinga frå Ministerkomiteen.

Thorbjørn Jagland vart vald til generalsekretær i Europarådet på grunnlag av eit program for omfattande reformer, sterkare politisk leiarskap og styrking av Europarådets rolle i den europeiske samarbeidsarkitekturen. Han tok over som generalsekretær 1. oktober 2009.

Jagland presenterte i januar 2010 planane sine for reform av Europarådet for Ministerkomiteen og Parlamentariskarforsamlinga. Hovudområde i reformprogrammet er styrking av den politiske leiarskapen i organisasjonen, reform av budsjettprosessen, gjennomgang og evaluering av alle aktivitetar med sikte på klarare prioriteringar, fokus på betre kommunikasjon og informasjon om Europarådets arbeid og revisjon av personalpolitikken.

Reformprogrammet fekk overveldande støtte i Ministerkomiteen og Parlamentariskarforsamlinga. Oppfølging av programmet vil vere ei prioritert oppgåve for Noreg framover.

#### *Utanriksministermøtet i Madrid.*

Dei viktigaste sakene på utanriksministermøtet i Madrid 12. mai 2009 var

- innstilling av kandidatar til stillinga som generalsekretær,
- utfordringane for Menneskerettsdomstolen, medrekna foreløpig iverksetjing av to prosedyrar i protokoll 14 til Den europeiske menneskerettskonvensjonen med sikte på å auke saksbehandlingsskapasiteten i Menneskerettsdomstolen i påvente av russisk ratifisering av protokoll 14,
- vidareføring av arbeidet for å styrkje samarbeidet mellom Europarådet og EU,
- vidareføring av arbeidet for organisatorisk reform av Europarådet,
- konflikten mellom Russland og Georgia.

Kviterussland var tema for ein uformell diskusjon på arbeidslunsjen til ministrane. Ministrane vedtok òg ei erklæring i høve Europarådets 60-årsjubileum.

Utanriksminister Støre la i sine innlegg m.a. vekt på at det trengst rask handling når det gjeld dei store problema i Menneskerettsdomstolen, på at Europarådet og internasjonale organisasjonar må få tilgang til konfliktområda i Georgia, og på Thorbjørn Jaglands kandidatur til generalsekretærstillinga. Innlegga til Støre følgjer som vedlegg til denne meldinga.



*Menneskerettar. Situasjonen for Den europeiske menneskerettsdomstolen.*

Menneskerettsdomstolen (EMD) er berebnelken i Europarådets menneskerettssystem. Problema for EMD vart ytterlegare forsterka i 2009 som følge av auken i talet på klagesaker, som framleis er dramatisk. Domstolen registrerte 57 100 nye klagar i 2009, 15 % fleire enn i 2008. Talet på uavslutta registrerte klagesaker hadde dermed ved utgangen av 2009 auka til 119 300, ein auke på 23 % samanlikna med 2008.

Den viktigaste grunnen til den veldige auken i saksmengda til EMD er at Europarådet sidan 1990 har fått 25 nye medlemsland. Vidare er det auka merksemd i mange medlemsland om den tilgangen enkeltpersonar har til å klage påståtte brot på menneskerettskonvensjonen (EMK) inn for Domstolen. Det er uheldig at Domstolen, som mellom anna fører tilsyn med at medlemslanda i Europarådet avgjer sivil- og strafferettslege saker innan rimeleg tid, ikkje sjølv er i stand til å etterleve dette prinsippet.

Det er ei viktig oppgåve for Noreg å bidra til å sikre effektiviteten og framtida til Domstolen. Noreg har difor òg i 2009 delteke aktivt i arbeidet for reform av det europeiske menneskerettssystemet og for auka ressursar til Domstolen. Våren 2009 såg det framleis ut til å vere små utsikter til at Russland ville ratifisere protokoll 14 til den europeiske menneskerettskonvensjonen. Protokollen vil føre til ein vesentleg auke i saksbehandlingskapasiteten ved domstolen. På utanriksministermøtet i Madrid i mai 2009 vart landa samde om ei foreløpig iverksetjing, for dei statane som særskilt samtykkjer til dette, av to prosedyrar i protokoll 14. Prosedyrane inneber ein reduksjon i talet på dommarar som deltek i behandlinga av saker som openbert ikkje oppfyller vilkåra for å bli prøvd, og i behandlinga av saker som ikkje reiser nye rettslege spørsmål under konvensjonen. Dei to prosedyrane gjeld for Noreg frå 1. juni 2009. Per 10. mars 2010 hadde 19 statar gjeve samtykke til at EMD kunne bruke dei to prosedyrane i saker mot dei.

Iverksetjing av protokoll 14, i sin heilskap og for alle medlemsland, er likevel framleis ei viktig målsetjing. Regjeringa mottok difor med glede meldinga om at den russiske statsdumaen 15. januar 2010 gav sitt samtykke til russisk ratifisering av protokoll 14, og at Russland 18. februar 2010 deponerte ratifikasjonsdokumentet under Interlaken-konferansen i Sveits om framtida for EMD. Protokollen trer i kraft 1. juni 2010.

Sjølv om iverksetjinga av protokoll 14 vil bidra til ein auke i saksbehandlingskapasiteten ved EMD, er det på det reine at dette åleine ikkje vil vere tilstrekkeleg til å sikre framtida for Domstolen. På denne bakgrunnen arrangerte den sveitsiske formannskapet i Ministerkomiteen ein høgnivåkonferanse om framtida for EMD i Interlaken 18.–19. februar 2010. Over 30 land var representerte på minister- eller statssekretærnivå. Statssekretær Astri Aas-Hansen leidde den norske delegasjonen.

Erklæringa frå Interlaken-konferansen inneheld eit vegkart og ein handlingsplan for vidare reformer på område som er heilt avgjerande for å få ei løysing på problema til Domstolen, mellom anna ei meir effektiv siling av saker som er openbert grunnlause, i tillegg til ei forenkla behandling av dei såkalla «repeterande» sakene. Bak den samrøystes erklæringa ligg det likevel stor usemje om korleis dei enkelte reformtiltaka skal utformast og finansierast. Oppfølgingsprosessen vil difor verte krevjande.

Med støtte frå Utanriksdepartementet arrangerte Norsk senter for menneskerettar 7.–8. desember 2009 eit seminar i Oslo om framtida for EMD. Seminaret hadde både nasjonal og internasjonal deltaking og inngjekk som eit ledd i dei nasjonale førebuingane til Interlaken-konferansen. Regjeringa vil arbeide aktivt framover for å følgje opp tilrådingane i erklæringa frå Interlaken om effektivisering av kontrollsystemet for EMK. I dette arbeidet legg Noreg særleg vekt på tiltak for å

- betre gjennomføringa av menneskerettskonvensjonen i medlemsstatane, òg gjennom styrkt og meir målretta innsats frå Europarådet si side,
- redusere flauten av klare avvisingssaker, m.a. ved å styrkje informasjonstiltak, særleg i dei nye medlemslanda, og utgreie om det kan vere føremålstenleg å innføre rettsgebyr,
- auke saksbehandlingskapasiteten ved EMD ved det vert etablert ein ny silingsmekanisme,
- sikre at Domstolen og sekretariatet som fører tilsyn med at statane etterlever dommane, får tilført nødvendige ressursar.

Førebygging av klagar gjennom auka respekt for menneskerettane i medlemslanda vil vere avgjerande for Domstolens situasjon på sikt. Det nye *menneskerettsfondet (Human Rights Trust Fund – HRTF)*, som Noreg tok initiativ til i 2008, spelar ei viktig rolle i denne samanhengen. Dei tre deltarlanda i fondet (Noreg, Tyskland og Neder-

land) hadde ved utgangen av 2009 gjeve støtte på til saman ca. 27 millionar kroner til prosjekt for fjerning av hindringar for gjennomføring av nasjonale dommar i enkelte medlemsland, etterleving av dommar mot Russland for overgrep som vart utførte av russiske tryggingstyrkar i Tsjetsjenia, og støtte til menneskerettskommisærens arbeid i Georgia, i tillegg til prosjekt for å fremje uavhengige nasjonale mekanismar for førebygging av tortur i Europa. Det vert frå norsk side arbeidd for å auke talet på gjevarar ytterlegare.

Noreg er blant landa i Europarådet med færrest dommar mot seg. Fram til 31. desember 2009 har EMD avsagt totalt tjuve fellande og sju frifinnande dommar i saker som Noreg var part i. I det same tidsrommet har konvensjonsorgana i Strasbourg avvist over hundre saker mot Noreg.

I 2009 vart det ført tre saker mot Noreg for EMD. Det vart avsagt to frifinnande dommar (*Egeland og Hanseid mot Noreg* og *Procedo Capital Corporation mot Noreg*) og éin fellande dom (*A mot Noreg*). Dette er ein nedgang frå 2008, då Noreg var part i fem saker og det vart avsagt tre fellande og to frifinnande dommar.

#### *Samarbeidet med dei nye medlemslanda.*

Regjeringa legg vekt på at innsatsen til Europarådet skal styrkjast i nye medlemsland og i Kvite-russland – det einaste europeiske landet som står utanfor organisasjonen. Regjeringa ser det som ei viktig oppgåve for Europarådet å sjå til at medlemslanda etterlever dei forpliktingane dei har påteke seg når det gjeld menneskerettar, rettsstat og demokrati, og dermed sikre grunnleggjande rettar på desse områda for alle innbyggjarane i Europa.

*Situasjonen i landa i Sør-Kaukasus og på Vest-Balkan* har dominert det politiske arbeidet i Ministerkomiteen òg i 2009. Konflikten mellom Georgia og Russland om dei georgiske utbrytarområda Sør-Ossetia og Abkhasia har vorte drøfta kvar veke i Ministerkomiteen sidan konflikten starta i august 2008. Kvartalsvise rapportar om menneskerettssituasjonen og Europarådets arbeid i dei to landa utgjør ein viktig bakgrunn for diskusjonane.

Diskusjonen om Europarådet si rolle i Kosovo etter sjølvstendeerklæringa har i 2009 vore prega av større vilje frå dei landa som har hatt dei mest markerte posisjonane, til å syne noko større pragmatisme. Dette har gjort det mogleg å verte samde om eit breiare sett av aktivitetar for Europarådet. Noreg vidareførte i 2009 støtta til pro-

sjekta Europarådet har på Balkan, gjennom det norske fondet for Vest-Balkan.

Europarådet har utarbeidd handlingsplanar til støtte for menneskerettane, demokratibygging og utvikling av rettsstaten i dei nye demokratia. Størst omfang i 2009 hadde samarbeidet med Ukraina. Andre viktige samarbeidsland er Russland, Serbia, Bosnia-Hercegovina, Montenegro, Armenia, Aserbajdsjan, Georgia, Ukraina, Moldova og Albania.

Noreg gjev bidrag til enkelte handlingsplanar i samsvar med målsetjingane til Europarådet og sine eigne målsetjingar og arbeider for best mogeleg samordning mellom dei ulike bilaterale og multilaterale aktørane, medrekna mellom norske ekspertar (Styrkebrønnen) som støttar styresmaktene i Georgia og Moldova i arbeidet med justissektorreform. Europarådet har no feltkontor i ti aktuelle samarbeidsland.

Dei nye medlemslanda i Sørøst-Europa og Sør-Kaukasus gjekk inn i ei eiga tilsynsordning då dei vart medlemer. Tilsynsordninga sikrar kontinuerleg overvaking av forpliktingane landa tok på seg ved tiltredinga. I tillegg til faste politiske spørsmål har det vore omfattande drøftingar av korleis landa følgjer opp forpliktingane sine, i første rekkje knytt til gjennomføring av frie val, fengsling av journalistar og menneskerettsfor kjempingar, media si stilling og vern av minoritetar. Serbia blei i 2009 vurdert til å ha kome så langt i etterlevinga av forpliktingane sine at den formelle tilsynsordninga kunne avviklast.

#### *Samkvem med EU og OSSE.*

Regjeringa legg stor vekt på ei vidare utbygging av *samkvemmet mellom Europarådet og Den europeiske unionen* (EU) og er i denne samanhengen nøgd med oppfølginga av den nye samarbeidsavtalen mellom Europarådet og EU som vart vedteken i 2007. Avtalen inneber styrking av dei politiske konsultasjonane mellom dei to organisasjonane. Vidare legg avtalen til rette for betre samordning mellom Europarådet, EU-kommisjonen og medlemslanda av prosjektarbeidet for å styrkje menneskerettar, rettsstat og godt styresett i dei nye demokratia. EU bidreg årleg med store summer til Europarådets aktivitetar i dei nye demokratia.

Samarbeidet med EU har i 2009 vorte styrkt. EUs Lisboa-traktat, som tredde i kraft 1. desember 2009, inneheld ei føresegn som forpliktar EU til å tiltre den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Protokoll 14 til EMK

opnar for ei slik tiltreding frå EU si side. For at denne tiltredinga skal kome i stand, må EU og Europarådet verte samde om modalitetane for at EU skal kunne slutte seg til konvensjonen. EU og Europarådet innleidde i januar 2010 forhandlingane om korleis EUs tiltreding til EMK skal gå føre seg.

EUs tiltreding til EMK er ønskjeleg fordi det vil styrkje vernet av menneskerettane i Europa ytterlegare og bidra til å utvikle og sikre ein felles europeisk rettspraksis i menneskerettssaker. Når EU tiltrer EMK, vil alle EU-borgarar ha høve til å klage EU inn for Menneskerettsdomstolen i Strasbourg.

Regjeringa legg òg særleg vekt på å følgje opp arbeidet med samordning og koordinering mellom *Europarådet og Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE)*. Samarbeidet med OSSE omfattar kampen mot terrorisme, tiltak mot menneskehandel, arbeidet for toleranse og ikkje-diskriminering og vern av nasjonale minoritetar. Samarbeidet er viktig mellom anna for å sikre at begge organisasjonane arbeider innanfor dei områda der dei har komparative fortrinn, og for å unngå dobbeltarbeid og utnytte ressursane best mogeleg. I 2009 var ein særleg merksam på å unngå dobbeltarbeid når det gjeld arbeidet for å nedkjempe menneskehandel.

#### *Arbeidet til menneskerettskommisjæren.*

*Europarådets menneskerettskommisjær* hadde i 2009 framleis eit særleg fokus på situasjonen for utsette grupper som innvandrarar, flyktningar og asylsøkjjarar og på kampen mot diskriminering og intoleranse. Situasjonen for innvandrarar og asylsøkjjarar var eit hovudtema i rapportar som vart publiserte i 2009 etter besøk til m.a. Hellas, Italia, Tyrkia, Nederland og Belgia.

Kommisjæren fortsette òg i 2009 arbeidet med å overvake menneskerettssituasjonen og den humanitære krisa som vart utløyst av krigen mellom Russland og Georgia, basert på dei seks prinsippa for å verne sivilbefolkninga og avhjelpe den humanitære krisa. Desse prinsippa har fått brei oppslutning frå medlemslanda, mellom anna frå Russland og Georgia. Kommisjæren var i tida rett etter den væpna konflikten den einaste internasjonale aktøren som fekk tilgang til konfliktområdet, og har spelt ei nøkkelrolle for å få i stand utveksling av fangar og for å avklare skjebnen til sakna personar.

#### *Tverrkulturell dialog. Det europeiske Wergelandsenteret.*

Regjeringa ser det som viktig å styrkje Europarådets innsats for tverrkulturell og tverreligiøs dialog. Noreg har gjeve eit særleg bidrag på dette området gjennom etableringa i Noreg av *Det europeiske Wergelandsenteret (EWC)*, eit europeisk ressurscenter for opplæring i tverrkulturell forståing, menneskerettar og demokratisk medborgarskap. Avtalen mellom Noreg og Europarådet om etableringa av EWC tredde i kraft 11. januar 2009. EWC starta arbeidet i februar. Opningskonferansen i Oslo 29.–30. mai samla 140 politikarar og ekspertar frå Europa og Midtausten.

Senteret har sidan opninga hatt eit nært samarbeid med Europarådet for å heve kompetansen til lærarar og lærarutdannarar innanfor menneskerettar, demokrati og tverrkulturell forståing. Det er stor interesse for Wergelandsenteret i medlemslanda, og Ministerkomiteen har kome med mange lovord for dette norske initiativet.

#### *Venezia-kommisjonen og ECRI.*

Den viktigaste oppgåva for *Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving* (Venezia-kommisjonen) er å gje juridisk assistanse ved utforming eller revisjon av grunnlov eller andre sentrale lover i statar som er bygde på demokratiet og rettsstatsprinsippa. 68 land samt EU og OSSE deltek no i samarbeidet. Venezia-kommisjonen har i aukande grad blitt trekt inn i pågåande lovarbeid i medlemslanda og gjev råd om tolkingsspørsmål og kjem med fråsegner om spesifikke problemstillingar i ei rekkje land.

*Den europeiske kommisjonen mot rasisme og intoleranse* (ECRI) er eit uavhengig overvakingorgan som har som målsetjing å nedkjempe vald, diskriminering og fordommar mot personar eller grupper av personar på grunnlag av m.a. rase, farge, språk, religion, nasjonalitet eller etnisk opphav.

ECRIs fjerde rapport om Noreg vart fremja for Ministerkomiteen i februar 2009. ECRI framhevar i rapporten at det er gjort framgang på ei rekkje område sidan ECRIs tredje rapport om Noreg vart publisert i 2004. Dette gjeld særleg styrking av det rettslege vernet mot diskriminering. ECRI uttrykkjer samtidig uro, særleg over situasjonen for ungdom på arbeidsmarknaden og i skulesituasjonen. Det er skeive forhold i bustadsektoren, og det er mangel på bruk av kvalifisert tolk i helsesektoren og rettsvesenet.

Regjeringa la fram ein ny handlingsplan for å fremje likestilling og hindre etnisk diskriminering i april 2009. Planen inneheld 66 nye tiltak som skal gjennomførast i perioden 2009–2012. Eit tiltak i handlingsplanen er å vurdere tilrådingane frå ECRI nærare og følgje opp med nødvendige tiltak. Norske styresmakter var kjende med rapportutkastet og tilrådingane frå ECRI under utarbeidninga av handlingsplanen og har teke omsyn til tilrådingane i arbeidet med planen.

#### *Likestilling, menneskehandel og vald i nære relasjonar.*

Styringskomiteen for *likestilling* (CDEG) utarbeidde i 2009 ei erklæring om å oppnå de facto likestilling mellom kjønna. Erklæringa vart vedteken på utanriksministermøtet i Madrid 12. mai 2009.

Det vart i 2009 etablert ein eigen ekspertkomité for spørsmål som gjeld lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (DH-LGBT). Komiteen leverte i november 2009 eit framlegg til tilråding til medlemslanda om tiltak for å kjempe mot diskriminering på grunnlag av seksuell legning og kjønnsidentitet.

Arbeidet mot menneskehandel er kraftig styrkt ved at *Europarådets konvensjon mot menneskehandel* tredde i kraft 1. februar 2008. Konvensjonen var per januar 2010 ratifisert av 26 land og underteikna av ytterlegare 15 land. Noreg blei part i konvensjonen 1. mai 2008.

Den uavhengige ekspertgruppa mot menneskehandel (*Group of Experts against Trafficking in Human Beings – GRETA*) skal føre tilsyn med at statspartane etterlever konvensjonsforpliktingane sine. Den norske medlemen, lagdommar Hanne Sofie Greve, vart vald til president då GRETA møttest for første gong i februar 2009. Gruppa har vedteke å gjennomføre fireårige overvakingssyklusar.

Ein felles Europaråds- og FN-studie frå 2009 tilrår at det vert utarbeidd eit internasjonalt rettsleg instrument som gjev ein definisjon av omgrepet handel med organ, vev og celler, og som omfattar tiltak for å førebyggje slik handel og fråsegner om straff for denne typen verksemd. Ministerkomiteen vedtok i januar 2010 å be dei relevante styringskomiteane i Europarådet og GRETA om å vurdere om det bør utarbeidast ein ny Europarådskonvensjon på området.

Kamp mot *vald i nære relasjonar* er eit prioritert område for regjeringa. Ministerkomiteen vedtok i desember 2008 at det skal utarbeidast ein

konvensjon om vald mot kvinner og vald i nære relasjonar. Ein første rapport om arbeidet vart lagd fram sommaren 2009, og arbeidet vert vidareført i 2010 med sikte på å kome fram til eit konvensjonsutkast som partane kan samlast om.

Noreg var vertskap for *Europarådets 29. justisministerkonferanse i Tromsø 17.–19. juni 2009*. I underkant av 200 deltakarar, mellom dei 23 justisministrar og visegeneralsekretærene frå FN og Europarådet, deltok på konferansen som hadde vald i nære relasjonar som hovudtema. Konferansedeltakarane drøfta temaet m.a. med utgangspunkt i ein rapport frå den norske justisministeren. Rapporten peiker på at det trengst eit heilskapleg perspektiv, omfattande menneskerettar, strafferettslege tiltak, vernetiltak og fokus på barn som er eksponerte for vald i nære relasjonar.

#### *Rettsleg samarbeid. Kampen mot korrupsjon.*

Noreg legg stor vekt på arbeidet i Europarådets folkerettskomité (CAHDI) og leier for tida komiteen. Komiteen drøfter folkerettslege spørsmål som er viktige for mandatet til Europarådet, med fokus på styrking av den internasjonale rettsordenen, den internasjonale rettspleia og menneskerettane. Sentralt på dagsordenen står viktige tema som er til behandling i hovudkomiteen for folkerettslege spørsmål i FN's generalforsamling, mellom anna kodifikasjon og vidareutvikling av folkeretten i regi av folkerettskommisjonen i FN.

GRECO (*Group of States Against Corruption*), Europarådets overvakingorgan for den nasjonale gjennomføringa i medlemsstatane av antikorrupsjonsinstrumenta til organisasjonen, er i dag eit etablert og velkjent organ i den internasjonale innsatsen for å nedkjempe korrupsjon. GRECO gjennomfører for tida den tredje evalueringsrunda om kriminalisering av korrupsjon og innsyn i partifinansiering. Noreg var eitt av landa som vart evaluert i 2009 når det gjeld straffeføresegnene mot korrupsjon og innsyn i partifinansiering. Tilrådingane frå GRECO til Noreg er omtalte i punkt 5.5 i meldinga.

#### *Helse og sosiale spørsmål.*

Den europeiske helsekomiteen (CDSP) har frå 2009 norsk leiar. Vidare hadde Noreg i 2009 leiarane for ekspertkomiteen om mobilitet, migrasjon og tilgang til helsetenester (SP-MIG) og komiteen for organtransplantasjon (CD-P-TO) under delavtalen for den europeiske farmakopeen.

*Sosialpakta* er den viktigaste avtalen på det sosiale området i Europarådet. Pakta omfattar mellom anna rettane til barn og ungdom, familie- og likestillingsrettar, vern av organisasjonsfridomen og retten til arbeid, retten til rettferdige og trygge arbeidsvilkår, vern av arbeidstakar ved opphøyr av arbeidsforhold, sikring mot sosial utestenging og retten til bustad. Noreg hadde tre saker til behandling i Regjeringskomiteen i 2009 på bakgrunn av Sosialrettskomiteens rapport for 2008. Sakene var knytte til utdanningsfinansiering (artikkel 10 i den reviderte sosialpakta) og funksjonshemma sin rett til utdanning, tilgang til bustad, transport, telekommunikasjon, kulturelle aktivitetar og fritidssyslar (art. 15).

Den europeiske komiteen for sosialt samhoer (CDCS) har i 2009 arbeidd med revisjon av strategien for sosialt samhoer. Noreg ønskjer å styrkje arbeidet med sosiale rettar og menneskeverd. Noreg deltok på ministerkonferansen i Moskva om sosialt samhoer 26.–27. februar 2009. Ministermøtet vedtok ei tilråding om at Europarådet bør utarbeide ein ny handlingsplan for sosialt samhoer.

#### *Nasjonale minoritetar.*

Rammekonvensjonen om *vern av nasjonale minoritetar* pålegg statane å rapportere til Europarådet om lovgjeving og andre tiltak som er gjennomførte for å setje prinsippa i rammekonvensjonen ut i livet. Arbeidet med Noregs 3. rapport om gjennomføringa av rammekonvensjonen vart starta i 2009. Det europeiske charteret for regions- eller *minoritetsspråk* har som hovudformål å fremje bruken av minoritetsspråk eller språk som vert brukte i delar av eit land. Ekspertkomiteen vedtok i oktober 2009 den 4. rapporten om Noregs oppfølging av språkcharteret, som vart behandla av Ministerkomiteen i februar 2010. På heile dette området samarbeider Europarådet nært med OSSEs høgkommissær for nasjonale minoritetar.

#### *Barn og ungdom.*

Det barnepolitiske samarbeidet i Europarådet er forankra i programmet *Eit Europa for og med barn*. Ein ny strategi for innsatsområde i programmet for perioden 2009–2011 er utvikla med viktige bidrag frå Noreg. Hovudprioriteringane i strategien er å fremje barn og unges medverknad i samfunnet, eliminere alle former for vald mot barn og arbeide for at barns rettar vert tekne omsyn til innanfor alle politikkområde i Europarådet.

I 2009 vart det utarbeidd retningslinjer for nasjonale strategiar for vern av barn mot alle former for vald. Noreg bidrog aktivt i tekstutforminga. Retningslinjene og strategien vart presenterte for medlemslanda i 2009 i eit nyetablert forum for barns rettar i regi av Europarådet. Retningslinjene vart vedtekte som rekommandasjon av ministerkomiteen i november 2009.

Europarådet forvaltar store ressursar på ungdomsområdet gjennom drifta av *ungdomssentra i Strasbourg og Budapest* og ved fordeling av tilskot frå Det europeiske ungdomsfondet. Det europeiske ungdomssenteret i Strasbourg har dei siste åra vorte grundig rehabilitert med støtte frå Noreg. Europarådet har inngått ein samarbeidsavtale med Europakommisjonen på ungdomsområdet. Gjennom dette arbeidet engasjerer ein barn og ungdom frå alle medlemsland i aktivitetar som aukar kunnskapane om menneskerettar og demokrati, og om verdiane og arbeidet til Europarådet.

#### *Idrett, kultur og media.*

Europarådet har to konvensjonar på idrettsområdet, høvesvis om antidoping og kamp mot tilskodarvald. Utvikling av dialogen mellom europeiske styresmakter og Verdsantidopingbyrået (WADA) har vore eit sentralt tema òg i 2009. Noreg er medlem av den utvida delavtalen for idrett (EPAS) som vart oppretta i 2007. EPAS omfattar no 32 land. Det mest sentrale for Noreg er rolla EPAS spelar som arena for alleuropeiske idrettsministermøte og som forum for utvikling av politikk og standardar på idrettsfeltet.

Europarådets styringskomité for kultur (CD-CULT) arbeider kontinuerleg med oppfølginga av *kvitboka om tverrkulturell dialog* som vart vedteken av Ministerkomiteen i mai 2008. Kvitboka formulerer Europarådets prioriteringar og skal vere eit rettleiande verktøy nasjonalt, regionalt og lokalt. Oslo kommune deltek i Europarådets prosjekt for tverrkulturelle byar der kulturelt mangfald vert brukt som ein strategisk ressurs for å stimulere kreativitet og innovasjon i byane i framtida.

Noreg og fleire land har gått inn for *styrkt overvaking av vilkåra for ytringsfridomen* på mediefeltet i form av ein enklare mekanisme som vert lagt til eit eksisterande europarådsorgan. Den føreslåtte nye modellen vil innebere auka informasjonsinnhenting og koordinering i tillegg til teknisk bistand av ei ny eining i sekretariatet.

Ministerkonferansen om media og nye kommunikasjonstenester i Reykjavik 28.–29. mai 2009

vedtok ein handlingsplan for aktiviteten til Europarådet i dei næraste fire åra og ein resolusjon om antiterrorlovgeving og konsekvensar for ytringsfridomen.

Noreg har bidrege økonomisk til Europarådets prosjekt «*Languages, Policies and the Right to Equality Education for all*» og har delteke i prosjektet «*The Image of the Other in History Teaching*» som vart avslutta i 2009.

Utdanningsdirektoratet arrangerte i 2009 på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet skrivetkonkurransen til Europarådet – *How do you imagine the European citizen in the future?* – i samband med 60-årsjubileet til Europarådet. Målgruppa var ungdom i vidaregåande opplæring.

#### *Kommunalt og regionalt samarbeid.*

Noreg legg vekt på å styrkje *lokalt og regionalt samarbeid* innanfor ramma av Europarådet. Viktige område for det mellomstatlege samarbeidet om lokalt og regionalt demokrati i 2009 har m.a. vore demokratisk medverknad, reformer på regionalt nivå, modellar for interkommunalt samarbeid og erfaringar med tiltak for å dempe verknaene av finanskrisa for kommunane. Ein tilleggsprotokoll til charteret for lokalt sjølvstyre om rett til medverknad i sakene til lokale styresmakter vart opna for signering 16. november 2009. Protokollen blei ratifisert av Noreg 16. desember 2009 som første medlemsland.

Noreg er pilotland i 2009–2010 for utprøving av strategien for innovasjon og godt styresett på lokalt nivå, basert på tolv prinsipp. Europarådets 16. konferanse for ministrar med ansvar for lokalt og regionalt demokrati vart arrangert i Utrecht i Nederland 16.–17. november 2009 og vedtok ein felles europeisk handlingsplan for arbeidet med godt styresett på lokalt og regionalt nivå. Eit sentralt element er at Europarådet må møte utfordringar gjennom å bli meir synleg. På dette grunnlaget er det utarbeidd ein kommunikasjonsstrategi med tiltaksliste for arbeidet til Europarådet på området. Noreg er ein pådrivar i arbeidet.

#### *Kulturminne- og naturforvaltning.*

Rammekonvensjonen om *verdien av kulturarven for samfunnet* (FARO-konvensjonen) vart ratifisert av Noreg 27. oktober 2008 som det første vestlege landet. Konvensjonen er nyskapande og tek fatt i dei samfunnmessige verdiane av kulturarven. Ved utgangen av 2009 hadde i alt åtte land ratifisert konvensjonen, som trer i kraft ved ti rati-

fikasjonar. Noreg ved Riksantikvaren har bidrege til ei bok om FARO-konvensjonen som vart lansert i Portugal i november 2009.

Noreg bidreg økonomisk til fleire store prosjekt for å sikre biologisk mangfald på Balkan og i Sør-Kaukasus.

#### *Underteikning, ratifikasjon og tiltreding til nye avtalar i regi av Europarådet i 2009.*

Norsk underteikning og ratifikasjon av Europarådsavtalar i 2009 står oppført i vedlegg 2 til denne meldinga.

#### *Reform og effektivisering av Europarådet. Budsjett.*

Etter nordisk-baltisk initiativ vert det i handlingsplanen frå Warszawa-toppmøtet stilt krav om *reform og effektivisering av organisasjonen og arbeidsmetodane i Europarådet*. Formålet er betre balanse mellom oppgåver og ressursar. Mange medlemsland ønskjer nullvekst i budsjettet til Europarådet. For å kunne auke innsatsen mellom anna innanfor virkefeltet til Domstolen er det derfor, i tillegg til å auke effektiviteten til Domstolen, nødvendig å prioritere strengare i andre delar av organisasjonen. Regjeringa arbeider for auka ressursar til Domstolen og til tilsyn med oppfølging av dommane og vil arbeide for at dette ikkje skal leie til ein vesentleg reduksjon i dei andre delane av samarbeidet.

*Budsjettet for 2009* innebar tilnærma null realvekst. For Noreg var det ei prioritert oppgåve òg i 2009 å arbeide for auka ressursar til Domstolen og dei andre menneskerettsinstrumenta, mellom anna menneskerettskommisjonen. Det totale norske budsjettbidraget til Europarådet var i 2009 på 4,78 millionar euro, i tillegg til 0,78 millionar euro i frivillige bidrag og 0,7 millionar euro i tilskot til Menneskerettsfondet.

Noreg vil arbeide vidare for modernisering og reform av organisasjonen i Europarådet, for innsyn og effektivitet, og for at organisasjonen skal få ressursar til å løyse vedtekne oppgåver. Det vil vere ei viktig oppgåve å bidra til at den nye generalsekretæren lukkast med reformprogrammet sitt.

Regjeringa ser verdien av samarbeidet i Europarådet, både på kjerneområda menneskerettar, rettsstat og demokrati og på underbyggjande område. Styrkt menneskeverd er ein klar fellesnøye. Europarådet som nettverk for fagleg utveksling er av stor verdi, særleg for dei nye medlemslanda.

## 2 Det politiske samarbeidet i Ministerkomiteen

### 2.1 Arbeidet i Ministerkomiteen

Situasjonen i landa i Sør-Kaukasus og på Vest-Balkan har dominert det politiske arbeidet i Ministerkomiteen òg i 2009.

Konflikten mellom Georgia og Russland om dei georgiske utbrytarområda Sør-Ossetia og Abkhasia har vorte drøfta kvar veke i Ministerkomiteen sidan konflikten starta i august 2008.

Konflikten på Kypros har stått fast på dagsordenen i Ministerkomiteen sidan 1974. Prosessen rundt samanslåingsforhandlingane har vorte teken opp med jamne mellomrom i Ministerkomiteen i 2009.

Utviklinga i Armenia og Aserbajdsjan er underlagd ein eigen overvakingsmekanisme i regi av Ministerkomiteen, med vekt på å følgje med på korleis dei to landa etterlever forpliktingane dei tok på seg då dei vart medlemmer av Europarådet.

Vidare har spørsmål knytte til observasjon av val og folkeavstemningar i fleire medlemsland og konflikhtar i og mellom medlemsland vore drøfta i Ministerkomiteen. Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet observerte i 2009 vala i Albania, Bulgaria, Moldova, Makedonia, Montenegro og Aserbajdsjan.

Diskusjonen om Europarådet si rolle i Kosovo etter sjølvstendeerklæringa har i 2009 vore prega av større vilje frå dei landa som har hatt dei mest markerte posisjonane, til å syne ein viss grad av pragmatisme. Dette har gjort det mogeleg å verte samde om eit breiare sett av aktivitetar for Europarådet.

I tillegg til faste politiske spørsmål har det vore omfattande drøftingar i Ministerkomiteen om menneskerettar, demokrati og rettsstat i dei nye medlemslanda, i tillegg til drøftingar av reformforslag og forbetringar i tilsynsarbeidet. Ministerkomiteen har òg følgd situasjonen for nasjonale minoritetar og for media i fleire land.

Ministerkomiteen følgjer òg prosjektsamarbeidet nøye. Prosjekta omfattar fremjing av godt styresett, respekt for menneskerettane, utvikling av lokaldemokrati, rettsvesen, tverrkulturell dialog og utdanning, kamp mot organisert kriminalitet, tiltak mot menneskehandel, korrupsjon, valds-

bruk i nære relasjonar, rasisme og diskriminering. EU-kommisjonen finansierer omkring 80 % av prosjektarbeidet retta mot dei nye demokratia, medan Europarådet bidreg med fagkompetanse. Noreg er òg ein stor bidragsytar.

Dei viktigaste sakene på utanriksministermøtet i Madrid 12. mai 2009 var innstilling av kandidatdar til stillinga som generalsekretær, foreløpig iverksetjing av to prosedyrar i protokoll 14 til den europeiske menneskerettskonvensjonen med sikte på å auke saksbehandlingskapasiteten i Menneskerettsdomstolen i påvente av russisk ratifikasjon av protokoll 14, vidareføring av arbeidet for å styrkje samarbeidet mellom Europarådet og EU og for organisatorisk reform av Europarådet og konflikten mellom Russland og Georgia. Kvite-russland var tema for ein uformell diskusjon på arbeidslunsjen til ministrane.

Ministerkomiteen vedtok med stort fleirtal å innstille berre to av dei fire nominerte kandidatane til generalsekretærvervet, norske Jagland og polske Cimoszewicz. Bakgrunnen var ei avgjerd frå Ministerkomiteen om å gjere Europarådet meir synleg og politisk relevant ved å velje ein generalsekretær med erfaring på høgt politisk nivå og dermed bryte med ein lang tradisjon der generalsekretæren kjem frå Parlamentarikarforsamlinga. Et forsøk frå Belgia på å få omgjort avgjerda, fekk støtte frå ein svært liten krins av land.

Tilnærma alle land understreka i Madrid kor viktig det er med tiltak for å sikre framtida til Den europeiske menneskerettsdomstolen, og mange oppfordra Russland til å ratifisere protokoll 14 til den europeiske menneskerettskonvensjonen, slik at heile konvensjonen kan tre i kraft. I mellomtida ønskte dei fleste velkomen avtalen som vart inngått same dag om foreløpig gjennomføring av to prosedyrar i protokoll 14, saman med vedtaket av protokoll 14bis som inneheld dei same to prosedyrane (jf. nærare om dette under punkt 2.2 og 3.1.)

Ministrane gav si støtte til dei seks menneskerettslege og humanitære prinsippa Menneskerettskommisjonen har sett opp for konflikten mellom Russland og Georgia, og inviterte Generalsekretæren til å føreslå prosjekt med sikte på å

gjenopprette demokrati, menneskerettar og rettsstat i konfliktsona.

Det vart vedteke å vidareføre arbeidet for ei styrking av samarbeidet mellom Europarådet og EU og den pågåande organisatoriske reformprosessen av Europarådet.

Ministrane vedtok òg ei erklæring i høve Europarådets 60-årsjubileum og ei erklæring om fremjing av reell likestilling (*Making gender equality a reality*).

## 2.2 Ministerkomiteens arbeid med menneskerettane

Spørsmålet om reformer for å sikre effektiviteten og framtida til Menneskerettsdomstolen var ei hovudsak for Ministerkomiteen òg i 2009. Russland har lenge vore den einaste konvensjonsstaten som ikkje har ratifisert protokoll 14 til den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), og har dermed hindra protokollen i å tre i kraft. Protokollen utgjer ein viktig del av reformpakka som vart vedteken av Ministerkomiteen i 2004 for å sikre framtida til Menneskerettsdomstolen (EMD). Protokollen vil forenkle behandlinga av dei enklaste sakene ved domstolen og gjere han meir effektiv. Då det våren 2009 framleis ikkje såg ut til at Russland ville ratifisere protokoll 14 med det første, vart det på utanriksministermøtet 12. mai 2009 semje om foreløpig iverksetjing av to av prosedyrane i protokoll 14 som er særleg viktige for effektiviteten til domstolen. Iverksetjinga gjeld for dei statane som samtykkjer særskilt til det. Dette omfattar føresegnene om at éin dommar (i staden for tre) skal kunne avvise openbert grunnlausa klagar, og om at tre dommarar (i staden for sju) skal kunne avsei dom i saker som ikkje reiser nye spørsmål om tolking av konvensjonen (repe-terande saker).

Ministerkomiteen vedtok å arbeide vidare ut frå to alternative framgangsmåtar for foreløpig iverksetjing av dei to prosedyrane: 1) gjennomføring av ein statspartskonferanse i marginen av utanriksministermøtet for å inngå av ein avtale – heretter kalla Madrid-avtalen – om mellombels verknad av dei to prosedyrane i protokoll 14 (avtalen vart inngått ved konsensus, men mellombels verknad gjeld berre i forhold til statar som samtykkjer særskilt til det) og 2) vedtak på utanriksministermøtet av ein ny protokoll 14bis som inneheld dei same to prosedyrane som statspartsavtalen omfattar, og som – i motsetning til protokoll 14 – ikkje krev ratifikasjon av alle medlemsstatar for å

tre i kraft. Medlemsstatane kan velje den framgangsmåten dei føretrekkjer, ut frå kva dei ser på som den raskaste og/eller mest føremålstenlege løysinga.

Noreg underteikna protokoll 14bis 27. mai 2009, same dagen som protokollen vart opna for underteikning. Noreg tok ikkje atterhald om seinare godkjenning av protokollen og gav samtidig fråsegn om mellombels verknad av føresegnene. Protokollen fekk mellombels verknad for Noreg 1. juni 2009 og tredde i kraft 1. oktober 2009. Ni land hadde per 10. mars 2010 ratifisert protokoll 14bis, og ytterlegare tolv hadde underteikna han, medan ti statar hadde valt å gje fråsegn om mellombels verknad av prosedyrane i protokoll 14 i samsvar med Madrid-avtalen.

Hausten 2009 kom det positive signal frå Russland om at protokoll 14 kunne verte ratifisert. 15. januar 2010 gav den russiske statsdumaen samtykke til ratifikasjon, og 18. februar 2010 ratifiserte Russland protokollen. Protokoll 14 trer dermed i kraft 1. juni 2010.

Sjølv om iverksetjinga av protokoll 14 vil føre til ei omfattande effektivisering av arbeidet ved EMD, er det på det reine at protokollen åleine ikkje er tilstrekkeleg til å skape balanse mellom talet på innkomne klagar til domstolen og talet på saker domstolen klarer å kvittere ut, i tillegg til å ta unna dei store restansane som har bygd seg opp.

På utanriksministermøtet i Madrid i mai 2009 ønskte difor ministrane velkomne intensjonane til Sveits om å organisere ein høgnivåkonferanse om framtida for Menneskerettsdomstolen under formannskapet sin i Ministerkomiteen. Konferansen fann stad i Interlaken, Sveits, 18.–19. februar 2010. Noreg deltok aktivt i førebuingane av Interlaken-konferansen (jf. punkt 3.1 og 4.1).

Ministerkomiteen vedtok i februar 2009 mandat for ei ekspertgruppe som skal utarbeide utkast til ei tilråding til medlemslanda om tiltak for å kjempe mot diskriminering basert på seksuell legning og kjønnsidentitet og for å sikre menneskerettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT-personar). Dette er ei oppfølging av eit nordisk-baltisk initiativ frå 2007 for å styrkje innsatsen til Ministerkomiteen for å fremje respekt for rettane til denne gruppa. Noreg har delteke aktivt i arbeidet i arbeidsgruppa.

På grunnlag av ein interimrapport frå arbeidsgruppa som er oppretta for å vurdere ein ny Europarådskonvensjon om vald mot kvinner og vald i nære relasjonar, gav Ministerkomiteen i mai 2009 grønt lys for å halde fram med dette konven-



sjonsarbeidet langs dei linjene arbeidsgruppa har føreslått (jf. nærare under punkt 4.4 – vald mot kvinner og vald i heimen).

Ministerkomiteen vedtok 1. juli 2009 ei erklæring om menneskerettar i fleirkulturelle samfunn og retningslinjer for menneskerettsvern i samband med hurtigprosedyrar i asylsaker.

### 2.3 Samarbeidet med EU, OSSE og FN

Ministerkomiteen har i 2009 halde fram med arbeidet med fullt ut å utnytte potensialet for styrkt samarbeid som ligg i Samarbeidsavtalen av mai 2007 mellom Europarådet og EU. Regjeringa prioriterer samarbeidet mellom dei to organisasjonane høgt og vedtok difor i 2008 å finansiere ei nyoppretta stilling som Europarådets spesialrepresentant til EU.

Eit viktig resultat av avtalen er at det er ein klar auke i konsultasjonane mellom Europarådet og EU på område av felles interesse. Det praktiske samarbeidet er òg i vekst. EU finansierer såleis størstedelen av handlingsplanane til Europarådet i dei nye demokratia på Vest-Balkan og i Sør-Kaukasus, i tillegg til i Ukraina og Moldova.

Regjeringa er nøgd med at det i 2008 vart inngått ein avtale mellom dei to organisasjonane om samarbeid mellom Europarådet og det nye EU-byrået for grunnleggjande rettar (EUs menneskerettsbyrå). Europarådet har oppnemnt ein uavhengig representant til å sitje i organa til EUs menneskerettsbyrå, og Ministerkomiteen får regelmessige rapportar om samarbeidet. Sidan Europarådet er aktivt på dei fleste av innsatsområda til byrået, trengst det god koordinering mellom dei to organisasjonane. Byrået skal fokusere på datainnsamling, vitenskapleg forskning og statistikk, i tillegg til å formulere tilrådingar til EU-institusjonane og EU-landa som er knytte til gjennomføring av EU-regelverket. Europarådet fokuserer derimot først og fremst på normsetjing og overvaking av menneskerettane. Gjennom tett koordinering er det difor håp om at dei to organisasjonane kan dra gjensidig nytte av kvarandre, og at dei kan unngå dobbeltarbeid.

Særleg viktig er det at EUs Lisboa-traktat, som tredde i kraft 1. desember 2009, inneheld ei føresegn som forpliktar EU til å tiltre den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Protokoll 14 til EMK opnar for ei slik tiltreding frå EU si side. For at denne tiltredinga skal kome i stand, må EU og Europarådet verte samde om korleis EU skal slutte seg til konvensjonen. Medlemslanda i Euro-

parådet og EU vil måtte godkjenne tiltredinga og vilkåra ho byggjer på. EU og Europarådet innleidde 8. januar 2010 forhandlingane om EUs tiltreding til EMK.

Regjeringa ser på EUs tiltreding til EMK som ønskjeleg fordi det vil styrkje vernet av menneskerettane i Europa ytterlegare og bidra til å utvikle og sikre ein felles europeisk rettspraksis i menneskerettssaker. Når EU tiltre EMK, vil alle EU-borgarar ha høve til å klage EU inn for Den europeiske menneskerettsdomstolen i Strasbourg (EMD).

Samarbeidet mellom Europarådet og OSSE har òg utvikla seg positivt i 2009. Samarbeidet er tett, og det vert ofte utarbeidd felles innspel og tiltak på dei fire samarbeidsområda kamp mot terrorisme, vern av nasjonale minoritetar, kamp mot menneskehandel og fremjing av toleranse og ikkje-diskriminering. Høgkommissæren for nasjonale minoritetar i OSSE, Knut Vollebæk, tek aktivt del i dette samarbeidet og har styrkt samarbeidet med Menneskerettskommissæren. Det er likevel brei semje om at det er potensial for å utdjupe samarbeidet ytterlegare med sikte på å unngå dobbeltarbeid. Dette gjeld m.a. arbeidet mot menneskehandel.

Etter at FNs nye råd for menneskerettar vart oppretta, er det lagt til rette for regelmessig og styrkt samarbeid mellom FN og Europarådet. I 2008 vedtok FNs generalforsamling ein resolusjon om samarbeidet mellom FN og Europarådet. Noreg engasjerte seg særleg for å få inn tilvisingar til samarbeidet for å styrkje situasjonen til menneskerettsforsvararane. Resolusjonen reflekterer i tillegg på ein god måte det kontinuerlege samarbeidet mellom FN og Europarådet om barns rettar, menneskehandel, rasisme, tortur og minoritetar og tverrkulturell dialog.

### 2.4 Arbeidet til Europarådet i medlemslanda

I tillegg til dei faste drøftingane av aktuelle politiske spørsmål er det etablert mekanismar for å sjå til at medlemslanda oppfyller pliktene som er knytte til menneskerettskonvensjonen og andre grunnleggjande konvensjonar. Svake institusjonar innanfor rettsvesenet, behov for fengsels- og politireform, menneskehandel, stillinga til media og diskriminering av minoritetar og utsette grupper er felles utfordringar særleg for dei nye demokratia. Forholdet mellom fleirtalsbefolkninga og ulike minoritetar, i tillegg til uløyste territoriale

spørsmål, er ein viktig bakgrunn for konfliktrar i enkelte medlemsland.

Europarådet har difor utarbeidd handlingsplanar til støtte for menneskerettane, demokratibygging og utvikling av rettsstaten i dei nye demokrata. Størst omfang i 2009 hadde samarbeidet med Ukraina. Andre viktige samarbeidsland er Russland, Serbia, Bosnia-Hercegovina, Montenegro, Armenia, Aserbajdsjan, Georgia, Ukraina, Moldova og Albania. Noreg gjev bidrag til enkelte handlingsplanar i samsvar med målsetjingane til Europarådet og sine eigne målsetjingar og arbeider for best mogeleg samordning mellom dei ulike bilaterale og multilaterale aktørane.

Feltkontora er den lokale vidareføringa av Europarådet i dei ti aktuelle samarbeidslanda. Gjennom desse kontora har Europarådet nær kontakt med styresmakter, frivillige organisasjonar, utdanning, media og andre målgrupper. Feltkontora har ei viktig rolle i gjennomføringa av dei ulike tilsyns- og overvåkingsfunksjonane til Europarådet. Dei har òg oppgåver knytte til prosjektarbeid og yter praktisk stønad i forkant av val i nært samarbeid med OSSE for å sikre at det institusjonelle rammeverket er på plass (såkalla førvalsassistanse omfattar manntal, valkommisjonar, klageordningar, uavhengig radio- og TV-dekning, vallovgjeving, finansiering av parti).

### *Vest-Balkan*

Europarådet vidareførte i 2009 arbeidet for å stabilisere og betre forholda på Vest-Balkan med vekt på respekt for menneskerettane, godt styresett og oppbygging av rettsstatlege ordningar. Serbia, Bosnia-Hercegovina og Montenegro er underlagt formalisert overvaking knytt til oppfyljing av forpliktingane dei tok på seg då dei vart medlemmer.

*Serbia* har langt på veg oppfylt dei fleste forpliktingane dei har teke på seg. Samarbeidet mellom Europarådet og Serbia gjekk difor over i ein ny fase i 2009. Dialogbasert observasjon har no erstatta den tidlegare overvakinga. Trass i at Serbia har hatt god framgang, er det ein del problem som står att. Europarådet vil difor halde fram med å støtte gjennomføringa av forpliktingane til Serbia og langsiktig reform. Problema som står att, gjeld særleg mangelen på eit fullstendig og vilkårslaust samarbeid med den internasjonale domstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Parlamentet fungerer heller ikkje på ein tilfredsstillande måte. Forseinkingar i lovgjevingprosessen fører til at vedtak vert blokkerte. Det trengst reform

av rettssystemet, og Ministerkomiteen tilrår at Serbia ratifiserer Madrid-konvensjonen og Europarådets sosialpakt. Serbia vert òg oppfordra til å vedta lover om antidiskriminering, val av nasjonale minoritetar og det sivile samfunnet i tråd med standardane til Europarådet.

Rammevilkåra for arbeidet til Europarådet i *Kosovo* vart endra i 2008 som følgje av sjølvstendeerklæringa til Kosovo. Mange medlemsland som har godkjent at landet er sjølvstendig, meiner at arbeidet til Europarådet bør bidra til å styrkje dei statsberande institusjonane, medan enkelte andre land har kravd at arbeidet skal vere nøytralt når det gjeld den folkerettslege statusen til Kosovo, i samsvar med tryggingrådsresolusjon 1244. Det er likevel generell semje om at innbyggjarane i Kosovo er omfatta av, og har krav på å nyte godt av, dei standardane og rettane som gjeld innanfor det geografiske nedslagsfeltet til Europarådet. Det er òg etter kvart større grad av semje mellom medlemslanda om kva aktivitetsområde Europarådet skal gå inn på. I 2009 vart programma for kulturarv, utdanning og det sivile samfunnet intensiverte. Det er vedteke å setje i gang eller vidareføre 18 prosjekt innanfor vern om menneskerettane, rettane til minoritetar, antikorrupsjon, kulturelt mangfald, folketrygd og vern av religiøse og kulturelle minnesmerke. I tillegg kjem det eit nytt prosjekt retta mot personar med rombakgrunn som lever i miljøfarlege leirar.

Det vart gjennomført kommuneval i Kosovo 15. november 2009. Ettersom Serbia hadde tilrådd serbiske borgarar å boikotte valet, var valdeltakinga frå serbarar lågare enn ein kunne ha ønskt. Valet vart elles gjennomført på ein hovudsakleg tilfredsstillande måte.

Ministerkomiteen gjekk i 2009 gjennom korleis *Montenegro* etterlever forpliktingane sine. Det vart generelt lagt vekt på den positive utviklinga i Montenegro og på at Montenegro heilt eller delvis har oppfylt 80 prosent av forpliktingane sine etter at landet vart medlem i 2007. Arbeidet med reform av rettsvesenet og mot korrupsjon har hatt ei positiv utvikling det siste året, men det må gjerast ein større innsats på dette området. Den faglege bistanden frå Europarådet til landet har særleg vore konsentrert om arbeidet med ny grunnlov. I denne samanhengen er hovudutfordringane vern av minoritetar, eit sjølvstendig rettsvesen og iverksetjing av menneskerettskonvensjonen. Andre viktige saker er effektiv straffefølgjing av krigsforbrytarar og avklaring av status for romflyktningar frå Kosovo. Desse prioriteringane er ein del av den treårige handlingsplanen

for Europarådets arbeid i landet som vart vedteken i 2008.

*Bosnia-Hercegovina* har dessverre hatt mindre framgang når det gjeld etterlevinga av forpliktingane sine. Ei rekkje forhold gjev grunn til uro. Dette gjeld spesielt den forverra politiske situasjonen i landet og dei gjentekne forsøka på å utfordre Dayton-avtalen og undergrave arbeidet til dei statlege institusjonane. Europarådet vedtok i 2009 eit treårig samarbeidsprogram for Bosnia-Hercegovina. Arbeidet som er knytt til reform av grunnlova, er spesielt viktig, og det vert lagt vekt på å oppheve fråsegner som er i strid med den europeiske menneskerettskonvensjonen. Ministerkomiteen vedtok òg i 2009 å fornye dialogen om konstitusjonell reform, innføre tiltak for å avgrense den aukande segregeringa i utdanningssystemet, halde fram med eit fullt samarbeid med ICTY og sørgje for ei effektiv gjennomføring av strategiane for justissektoren, krigsbrottsverk og ungdomsforbrytarar. Den faglege støtta er òg konsentrert om strafferettslege sider av menneskerettskonvensjonen, ombodsmannsinstituttet, arbeid for å få fengselsforholda i tråd med menneskerettane og reform av utdanningssektoren.

Noreg vidareførte i 2009 støtta til prosjekta Europarådet gjennomfører på Balkan, gjennom det norske fondet for Vest-Balkan og samarbeidet med Europarådets utviklingsbank (CEB). Fondet gjer det m.a. mogeleg for banken å gjennomføre pilotprosjekt og forundersøkingar som leier til at det vert gjeve større lån til bustadbygging, reparering av flykningar, institusjonsutvikling, kvinneretta tiltak og bistand til små og mellomstore bedrifter. Verksemda til fondet er høgt verdsett av landa på Vest-Balkan og andre medlemsland.

Europarådet arbeider aktivt for auka merksemd om situasjonen til romfolket på Vest-Balkan. Romfolket utgjer ofte ei sosialt, økonomisk og politisk marginalisert gruppe. Europarådet har medverka til etableringa av eit eige romforum i Strasbourg, der utsendingar frå romfolket og minoriteten dei reisande møtest for å drøfte aktuelle spørsmål. I 2009 vart det vedteke å forlengje samarbeidet mellom Europarådet og forumet med to år.

### *Sør-Kaukasus*

Landa i Sør-Kaukasus er blant dei høgast prioriterte i arbeidet med å fremje gjennomføringa av kjerneverdiane til Europarådet, som er knytte til menneskerettane, demokrati og rettsstatsprinsipp. Dei uløyste konfliktane i regionen skaper slik sett endå ei utfordring.

*Konflikten mellom Georgia og Russland* om dei georgiske utbrytarområda Abkhasia og Sør-Ossetia har prega dagsordenen til Europarådet i 2009. Dei fleste medlemslanda meiner at dei underliggjande utfordringane, som er knytte til at standardane til Europarådet ikkje vert etterlevde, forsterkar konfliktane i regionen. Dei har difor peikt på at det trengst ein handlingsplan for å styrkje demokratiske institusjonar, menneskerettar og godt styresett, i tillegg til tillitsskapande tiltak mellom utbrytarområda og resten av Georgia og mellom Georgia og Russland. Sjølv om det som følgje av russisk motstand ikkje har vore mogeleg å få til dette, har Ministerkomiteen drøfta arbeidet til Europarådet på desse områda og utviklinga på menneskerettsområdet jamleg på basis av kvartalsrapportar frå generalsekretæren. Det har vorte viktigare at Europarådet er til stades i Georgia etter at FN og OSSE ikkje lenger har utplassert personell i landet. Europarådet kan yte vesentlege bidrag til institusjonsbygging og reformarbeid som går føre seg i Georgia, m.a. når det gjeld lovgjeving, styrking av rettsstaten og menneskerettane. Slik sett er òg det norske styrkebrønnteamet i Tbilisi (NORLAG) eit viktig bidrag. Sidan 2004 har det norske ekspertteamet samarbeidd nært med georgiske styresmakter, institusjonar og organisasjonar om utvikling og reform av rettsvesen og kriminalomsorg, der det trass i viktige framskritt framleis står att utfordringar.

Et treårig samarbeidsprogram med *Aserbajdsjan* vart vedteke i 2009. Arbeidet for å styrkje vernet av menneskerettane og for å fremje juridisk reform er spesielt viktig. Aserbajdsjan har framleis utfordringar med vallova, behandlinga av regimekritikarar og opposisjon og sjølvstende i rettsvesenet. Situasjonen for politiske fangar har vorte debattert i Ministerkomiteen med oppfordringar til landet om å setje fri politiske fangar og sørgje for at alle er sikra ein rettferdig rettargang.

Europarådet vedtok i 2009 ein toårig handlingsplan for *Armenia*. Denne handlingsplanen er eit resultat av langvarige forhandlingar og dekkjer så å seie alle kompetanseområda til Europarådet. Halvparten av støtta frå Europarådet går til eit prosjekt for å styrkje rettsvesenet. Då Armenia vart teken opp som medlem i Europarådet samtidig med Aserbajdsjan, vart det knytt ei rekkje vilkår til medlemskapen. På mange område har òg Armenia framleis eit godt stykke att til det kan seiast at landet fullt ut etterlever medlemskapsforpliktingane sine når det gjeld handheving av rettsstatsprinsipp og grunnleggjande menneskerettar.

Europarådet har ein viktig tilsyns- og oppfølgingsfunksjon på desse områda også overfor Armenia.

#### *Russland, Ukraina, Moldova og Kviterussland*

Samarbeidet mellom Europarådet og *Russland* omfattar styrking av menneskerettane, rettsstaten, utvikling av lokalt sjølvstyre, barns rettar og utdanning. Kampen mot finansiering av terrorisme og kvitvasking av pengar er òg viktige område.

Europarådet har også eit omfattande samarbeid med russiske styresmakter om Tsjetsjenia. Menneskerettskommisæreren har dei siste åra spelt ei sentral rolle i dette samarbeidet. Siktemålet er å innføre rettsstatsprinsipp og utvikle menneskerettsstandardar i samsvar med grunnleggjande konvensjonar og andre instrument i Europarådet for befolkninga i Tsjetsjenia. Aktivitetane er retta mot tilsette i regionadministrasjonen, parlamentet, ombodsmannen, frivillige organisasjonar og embetsmenn som er ansvarlege for gjennomføring av dommar. Opplæring i menneskerettar er eit viktig verkemiddel. Det har vorte arrangert rundebordskonferansar for å fremje dialog og forsoning der alle viktige grupper («klanar») har delteke.

Europarådet er den einaste internasjonale organisasjonen som gjev støtte til denne typen aktivitetar i Tsjetsjenia. Menneskerettskommisæreren har på bakgrunn av besøk i Tsjetsjenia i 2009 rapportert om ein auke i talet på terroraksjonar med tap av menneskeliv både i Tsjetsjenia og Ingusjetia. I Tsjetsjenia har frivillige organisasjonar rapportert om ein auke i talet på bortføringar og forsvinningar sidan slutten av 2008. Nokre av sakene impliserte deltaking frå rettshevdande styresmakter. Europarådet ser svært alvorleg på denne utviklinga. Menneskerettskommisæreren har mellom anna oppfordra til vidare innsats for å betre og styrkje rettsvesenet, påtalemakta og etterforskningskompetansen i Tsjetsjenia.

Samarbeidet mellom Europarådet og *Ukraina* femner vidt. Saksfeltet spenner frå internasjonalt samarbeid i kriminalsaker, kamp mot korrupsjon, styrking av sjølvstendet til rettsvesenet, medielovgjeving, førebygging av finansiering av terrorisme og kvitvasking av pengar til styrking av sosialt samhoer, utdanning for tverrkulturell dialog, ungdomspolitik og sport. Europarådets handlingsplan for Ukraina er den mest omfattande organisasjonen har.

Ukraina har hausta lovord for aktivt engasjement i utarbeidinga av handlingsplanen for 2008–

2011 og for å ha konsentrert planen om område der det ifølgje overvakingsmekanismane til Europarådet trengst forsterka innsats. Positive utviklingstrekk i Ukraina i 2009 er at landet har styrkt praktiseringa av den europeiske menneskerettskonvensjonen, og at det er vedteke ei juridisk anti-korrupsjonspakke. Det står likevel att fleire utfordringar både på desse og andre område.

Europarådet har ei rekkje aktivitetar for å hjelpe *Moldova*, både når det gjeld å utforme lovgjeving og å styrkje iverksetjinga av vedtekne lover. Viktige område er styrking av sjølvstendet til rettsvesenet, kampen mot korrupsjon og kvitvasking av pengar, større pressefridom og større grad av pluralisme i media, i tillegg til styrking av det lokale sjølvstyret. Europarådet har spesielt understreka kor viktig det er at styresmaktene sørger for full gjennomføring av tilrådingane frå Venezia-kommisjonen når det gjeld utforminga av ei ny vallov.

Europarådet vedtok i 2009 å samarbeide med EU om ei «demokratisk pakke» for Moldova. Formålet er å betre menneskerettssituasjonen generelt. Meir spesifikt går tiltaka mellom anna ut på å styrkje parlamentet, støtte utviklinga av pluralistiske medium, avhjelpe «iverksetjingsgapet» av lover, sikre at folk må stå til ansvar for menneskerettsbrot, og forbetre forvaringssystemet i fengsla.

Valet i april 2009 og opptøyane som kom i kjølvatnet av det, leidde til stor uro. Europarådet har vore aktivt engasjert i samband med vala både i april og juli. Representantar frå Europarådet konkluderte mellom anna med at det ikkje fanst noko system for å handtere slike opptøyar. Det vart særleg understreka at politivald ikkje kan tolererast, og at dei ansvarlege må stillast til ansvar. Europarådet gav fagleg støtte for å sikre eit rettferdig val 29. juli. Arbeidet til Europarådet var spesielt retta mot å sikre korrekte manntalslister og overvake korleis media dekkja valkampen og valet. Det vart avdekkja kritikkverdige forhold på desse områda. Den politisk fastlåste situasjonen når det gjeld val av president, gjev òg grunn til uro. På den positive sida har Moldova i løpet av året hatt framgang når det gjeld å gjennomføre reformer for å verne menneskerettane og verkemåten til demokratiske institusjonar.

Noreg yter vesentlege bidrag til justissektorreform i Moldova gjennom Styrkebrønnen (NORLAM), som samarbeider tett med Europarådets feltkontor i Moldova. Styrkebrønnen har seks medarbeidarar og er eit av dei største bilaterale prosjekta Noreg har i Moldova. NORLAM er

saman med Europarådet representert i ei ny nasjonal reformgruppe for justissektoren. Gjennom denne gruppa har NORLAM ein unik sjanse til å påverke reformarbeidet på nasjonalt nivå. Våren 2009 vart det gjennomført ein uavhengig gjennomgang av dei to norske styrkebrønnprosjekta i høvesvis Moldova og Georgia. Gjennomgangen viste at NORLAM i Moldova har hatt stort gjennomslag i arbeidet med å påverke nasjonal rettsreform, òg når det gjeld straffenivå.

*Kviterussland* er det einaste landet i Europa som ikkje er medlem av Europarådet. Det har likevel i fleire år eksistert eit samarbeid med det sivile samfunnet i landet. I lys av den politiske utviklinga og ønsket frå Kviterussland om eit nærare samarbeid er det i 2009 vedteke å utvide samarbeidet til å omfatte styresmaktnivået. Det er såleis vedteke at Kviterussland skal inviterast på møte ved særskilte høve når saker som gjeld Kviterussland direkte, skal diskuteras. Dette representerer ei endring samanlikna med tidlegare praksis og inneber ei tilnærming til landet. Det er òg starta opp eit arbeid om tiltreding for Kviterussland til enkelte europarådskonvensjonar. Europarådet vil kunne innleie eit meir omfattande samarbeid med styresmaktene i Kviterussland dersom situasjonen i landet vert betra på område som menneskerettar og demokrati. Landet praktiserer dødsstraff, og dette er ei hovudhindring for medlemskap.

Europarådet oppretta i 2009 eit informasjonspunkt i Kviterussland som mellom anna skal

spreie kunnskap om arbeidet til Europarådet. Infopunktet har gjennomført to kampanjar, høvesvis mot vald i heimen og mot dødsstraff. Det vert arbeidd med å gjere infopunktet meir synleg. Kviterussland slutta seg i 2009 til Europarådets delavtale om samarbeid i alvorlege miljøkatastrofar og starta prosessen med å ta del i konvensjonen om menneskehandel.

## 2.5 Budsjettet

---

Europarådets budsjett for 2009 innebar tilnærma null realvekst. Det ordinære budsjettet var på 205 millionar euro, medan budsjetta for dei ulike delavtalane var på 36 millionar euro. Budsjettfordelinga reflekterer prioriteringane som er nedfelte i handlingsplanen frå Warszawa-toppmøtet: styrkje menneskerettar, demokrati og rettsstaten og byggje eit inkluderande og humant Europa.

Noregs totale bidrag var i 2009 på 4,78 millionar euro, der 4,0 millionar euro gjekk til det ordinære budsjettet og pensjonsfondet. Noreg deltek i ti av Europarådets tolv delavtalar. Noreg gav òg 0,78 millionar euro i frivillige tilskot til handlingsplanar og aktivitetar, i tillegg til 0,7 millionar euro i tilskot til Menneskerettsfondet.

For Noreg var det ei prioritert oppgåve i 2009 å arbeide for auka ressursar til Domstolen og dei andre menneskerettsinstrumenta, mellom anna menneskerettskommisjonen.

## 3 Menneskerettar og demokratibygging

### 3.1 Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD)

Problema for EMD vart ytterlegare forsterka i 2009 som følgje av auken i talet på klagesaker, som framleis er dramatisk. Domstolen registrerte 57 100 nye klagar i 2009, 15 % fleire enn i 2008. Talet på uavslutta registrerte klagesaker hadde dermed ved utgangen av 2009 auka til 119 300, ein auke på 23 % samanlikna med 2008.

Den viktigaste grunnen til den veldige auken i saksmengda til EMD er at Europarådet sidan 1990 har fått 25 nye medlemsland. Vidare er det auka merksemd i mange medlemsland om den tilgangen enkeltpersonar har til å klage påståtte brot på menneskerettskonvensjonen (EMK) inn for Domstolen.

Det har funne stad ein jamn auke i talet på rettsavgjerder frå Domstolen dei seinare åra. I 2009 avsa Domstolen 35 460 rettsavgjerder som avslutta saker. Dette var 11 % fleire enn i 2008 og omtrent dobbelt så mange som i 2003. 2395 klagar vart avgjorde ved dom (i 1625 dommar). Domstolen søker å behandle så mange klagar som mogeleg i ei og same avgjerd, noko som leidde til ein auke på 27 % i talet på klagar som vart avgjorde ved dom i 2009 i forhold til 2008. Resten av avgjerdene (over 90 %) var saker som vart avviste eller strokne frå sakslista. Den store auken i talet på rettsavgjerder er likevel spist opp av den stadig veksande straumen av nye saker.

Klagar mot fire land utgjorde godt over halvparten av sakene til behandling også i 2009: Russland 28 %, Tyrkia 11 %, Romania 8 % og Ukraina 8 %. Når det gjeld tildømte menneskerettsbrot i 2009, ligg Tyrkia framleis øvst på lista med 341 dommar, følgd av Russland med 210 dommar, Romania 153, Ukraina 126 og Polen 123.

Det er ei prioritert oppgåve for Noreg å sikre effektiviteten til Menneskerettsdomstolen. Det er uheldig at Domstolen, som mellom anna fører tilsyn med at medlemslanda avgjer sivil- og straffettslege saker innan rimeleg tid, ikkje sjølv er i stand til å etterleve dette prinsippet. Regjeringa er oppteken av å verne om den individuelle klageretten samtidig som det må finnast løysingar som

gjer at Domstolen kan konsentrere tid og ressursar om dei viktigaste sakene. Det ekstremt høge talet på avvisingssaker viser m.a. at det trengst betre informasjon til potensielle klagarar om kriteria for at ei klagesak vert teken opp til behandling i Strasbourg.

Protokoll 14 til konvensjonen vil effektivisere saksbehandlinga ved Domstolen. Som mellomtals tiltak i påvente av russisk ratifisering av protokoll 14 vedtok ministrane på utanriksministermøtet 12. mai 2009 foreløpig iverksetjing, for dei statane som samtykkjer særskilt til det, av to av prosedyrane i protokoll 14 som er særleg viktige saksbehandlingskapasiteten ved domstolen (jf. punkt 2.1 ovanfor).

Iverksetjing av protokoll 14, i sin heilskap og for alle medlemsland, er likevel framleis ei viktig målsetjing. Det er difor gledeleg at Russland 18. februar 2010 ratifiserte protokollen, og at han dermed vil tre i kraft 1. juni 2010.

Gruppa av vise personar under leiing av tidlegare president for EF-domstolen, Gil Carlos Rodriguez Iglesias, understreka i rapporten sin frå november 2006 at Domstolen står i fare for å bryte saman dersom det ikkje vert gjennomført nødvendige reformtiltak, og at gjennomføringa av protokoll 14 ikkje vil vere nok her. Gruppa fremja ei rekkje konkrete forslag, mellom anna etablering av eit nytt silingsorgan innanfor Domstolen. Silingsorganet skal behandle dei mest opplagte sakene slik at dei noverande dommarane kan konsentrere seg om prinsipielle saker. Eit anna forslag var å flytte organisatoriske fråsegner i EMK over i eit nytt instrument – domstolsvedtekter – for å gjere kontrollsystemet for EMK meir fleksibelt i framtida. Desse forslaga vart tekne opp i førebuingane til Interlaken-konferansen om framtida for Domstolen i februar 2010.

Interlaken-konferansen, som vart organisert av den sveitsiske formannskapet for Ministerkomiteen, hadde som mål å kome fram til politisk semje om eit vegkart for det vidare reformarbeidet for å sikre effektiviteten til domstolen. Eit hovudspørsmål var kva slags menneskerettsdomstol medlemslanda ønskjer for framtida, medrekna kva slags domstol dei er villige til å finansiere.

Samtidig som restansane ved domstolens veks, er det ein aukande motvilje blant mange medlemsland mot stadig å auke budsjettet til domstolen når dette går ut over andre delar av Europarådet (sidan det er liten vilje til å auke totalbudsjettet til Europarådet). Det er òg ei aukande forståing av at problema ved domstolen ikkje utelukkande kan løysast med meir personell. Dette har gjort det endå meir presserande å få gjennomført grunnleggjande reformer av konvensjonssystemet.

Noreg har arbeidd for ein brei og open høyringsprosess om dei ulike reformforslaga og organisert nasjonale konsultasjonar på ulike stadium i prosessen med representantar for relevante offentlege instansar og det sivile samfunnet. Med støtte frå Utanriksdepartementet arrangerte Norsk senter for menneskerettar eit seminar i Oslo om framtida for EMD 7.–8. desember 2009. Seminaret, som hadde brei nasjonal og internasjonal deltaking, var eit ledd i dei nasjonale førebuingane til Interlaken-konferansen.

Erklæringa frå Interlaken-konferansen inneheld eit vegkart og ein handlingsplan for vidare reformer på område som er heilt avgjerande for å få ei løysing på problema til Domstolen, mellom anna ei meir effektiv siling av saker som er openbert grunnlause, i tillegg til ei forenkla behandling av dei såkalla «repeterte» sakene. Bak den samrøystes erklæringa ligg det likevel stor usemje om korleis dei enkelte reformtiltaka skal utførast og finansierast. Oppfølgingsprosessen vil difor verte krevjande.

Frå norsk side vart det arbeidd for at Interlaken-konferansen skulle resultere i ein ambisiøs, heilskapleg og konkret handlingsplan for vidare reform, med klare tidsfristar. Noreg legg særleg vekt på følgjande tiltak:

- betre gjennomføring av EMK i medlemsstatane, slik at talet på rettkomne klagar vert redusert,
- redusere flaumen av klare avvisingssaker, m.a. ved å styrkje informasjonstiltak og utgreie om det kan vere føremålstenleg å innføre rettsgebyr,
- auke saksbehandlingskapasiteten ved EMD ved å styrkje justissekretariatet, innføre ein ny silingsmekanisme og treffe ekstraordinære tiltak for å verte ferdig med restansane ved EMD,
- styrkje Ministerkomiteens tilsyn med at statane etterlever dommar, m.a. ved å tilføre meir ressursar til denne delen av sekretariatet i Europarådet.

Frå norsk side har vi òg lagt vekt på at EMD må oppfordrast til å gjere det som er mogeleg for å bidra til å betre sin eigen situasjon og styrkje subsidiaritetsprinsippet.

Menneskerettsdomstolen er samansett av éin dommar frå kvar av dei 47 statane som er part i konvensjonen. Dommarane vert valde av Europarådets parlamentarikarforsamling på grunnlag av ei liste med tre nominerte kandidatar frå kvar stat. Funksjonstida for dommarane er i dag seks år. Å sikre EMD uavhengige og godt kvalifiserte dommarar er avgjerande for effektiviteten til domstolen og ikkje minst kvaliteten på avgjerdene som vert tekne der.

Noreg skulle etter planen nominere kandidatar til stillinga som norsk dommar ved EMD tidleg i 2010. Med iverksetjinga av protokoll 14 til EMK vert funksjonstida til dommarane utvida til ni år, og sitjande dommarar får automatisk forlenga perioden sin med tre år. Dermed vil det ikkje verte nominert norske dommarkandidatar i 2010.

EMK inneheld ikkje bestemte krav til kva prosedyre statspartane skal følgje for å utpeike kandidatane sine. Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet har likevel sett opp ei rekkje krav og tilrådingar til den nasjonale prosessen. For å sikre ein god nasjonal nominasjonsprosess vedtok regjeringa i 2009 ein fast prosedyre for nominering av norske kandidatar til EMD.

Etter den nye prosedyren skal Justisdepartementet lyse ut stillinga og oppnemne ein innstillingskomité på fem medlemmer. Komiteen vert leidd av leiaren for Innstillingsrådet for dommarar (såframt han eller ho seier seg villig). Dei andre medlemene vert utnemnde etter framlegg frå Høgsterett, Regjeringsadvokaten, Norsk senter for menneskerettar og Den norske Advokatforening, som vert oppfordra til å føreslå ei kvinne og ein mann kvar.

Innstillingskomiteen skal vurdere søkjarane og fremje eit grunngjeve framlegg til ei liste med tre kandidatar (utan rangering). Så langt det er mogeleg, skal minst éin av kandidatane vere av det kjønnet som på den aktuelle tida er underrepresentert i EMD. Innstillingskomiteen sender framlegget sitt til Justisdepartementet. Det norske vedtaket om nominasjon av tre namngjevne kandidatar vert gjort av Justisdepartementet etter at namna er lagde fram for dei relevante statsrådene og Statsministerens kontor. Utanriksdepartementet sender deretter lista med dei nominerte til Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet.

Som initiativtakar til *Europarådets menneskerettsfond (HRTF)* har Noreg òg ønskt å bidra til ei

styrking av gjennomføringa av EMK i medlemslanda. Avtalen om oppretting av fondet vart under teikna i mars 2008, og fondet vart formelt oppretta i juli 2008 då Noreg betalte inn første bidrag, følgd av Tyskland og Nederland.

Gjevarforsamlinga møttest for andre gang i november 2009. Noreg, Tyskland og Nederland har til no skote inn til saman ca. 27 millionar kroner i HRTF. Noreg arbeider for å få fleire land til å slutte seg til HRTF.

Prosjektporteføljen til fondet omfatta per januar 2010:

- tiltak for effektiv gjennomføring av nasjonale dommar – eit strukturelt menneskerettsproblem i ei rekkje medlemsland som fører til ei stor mengde klagar til EMD,
- tiltak for etterleving av dommane frå EMD mot Russland for overgrep som er utførte av russiske tryggingssstyrkar i samband med antiterroroperasjonar i Tsjetsjenia i 1999–2000,
- støtte til Menneskerettskommisærrens overvaking av menneskerettssituasjonen i Sør-Ossetia,
- fremjing av uavhengige nasjonale mekanismar for førebygging av tortur i Europa,
- program for menneskerettsoplæring retta mot profesjonelle rettsaktørar (HELP-programmet).

### 3.2 Saker mot Noreg ved Menneskerettsdomstolen

Noreg er blant landa i Europarådet med færrest dommar mot seg. Fram til 31. desember 2009 har EMD avsagt totalt tjue fellande og sju frifinnande dommar i saker som Noreg var part i. Samtidig avviste eller strauk Domstolen frå lista si 89 klagar mot Noreg berre i 2009. Det viser at, som for andre land, er prosentdelen avviste klagar mot Noreg svært høg.

I 2009 vart det ført tre saker mot Noreg for EMD. Det vart avsagt to frifinnande dommar (*Egeland og Hanseid mot Noreg* og *Procedo Capital Corporation mot Noreg*) og éin fellande dom (*A mot Noreg*). Dette er ein nedgang frå 2008, då Noreg var part i fem saker og det vart avsagt tre fellande og to frifinnande dommar.

I saken *Egeland og Hanseid mot Noreg* hevda klagarane at restriksjonar som Høgsterett har fastsett på tilgangen til å publisere diverse bilete som var tekne av tiltalte i retten, var i strid med ytringsfridomen i EMK artikkel 10. EMD frifann

Noreg og fant at restriksjonane ikkje krenkte ytringsfridomen.

I saken *Procedo Capital Corporation mot Noreg* hevda klagaren (selskapet *Procedo Capital Corporation*) at selskapet i ei sivil sak for norske domstolar ikkje hadde fått ein rettargang av ein uavhengig og rettferdig domstol. EMD fann at dei norske domstolane hadde vore uavhengige, og at rettargangen hadde vore rettferdig. EMK artikkel 6 var difor ikkje krenkt.

I *A mot Noreg* hevda klagaren at då norske domstolar ikkje tilkjente han oppreising for framstillinga av han i ein avisartikkel, krenkte dette retten hans til privatliv etter EMK artikkel 8. Høyesterett fann, under dissens, at klagaren ikkje hadde rett til oppreising, ettersom ytringsfridomen tilsa at avisa kunne trykkje artikkelen. EMD kom derimot, òg i ei dissensavgjerd, til at retten klagaren har til privatliv etter EMK artikkel 8, var krenkt.

Ministerkomiteen i Europarådet fører tilsyn med at statane fullfører EMDs dommar, jf. EMK artikkel 46(2). Etter forholda kan statane vere forplikta til å setje i verk både individuelle og generelle tiltak for å fullføre dommane frå EMD. Individuelle tiltak kan rette seg mot å avslutte og reparere ei krenking, medrekna å betale erstatning. Statane vil berre i sjeldne tilfelle vere forplikta til å setje i verk generelle tiltak for å reparere dei konkrete følgjene av ein dom. For å unngå at EMK vert krenkt i framtida, vil det likevel ofte vere nødvendig å setje i verk generelle tiltak, som å endre lovgjeving eller forvaltningspraksis.

Som eit ledd i oppfølginga av fellande dommar mot Noreg vert det publisert eit samandrag av dommane på norsk på Lovdata sine sider på Internett. Det vert òg publisert samandrag av andre dommar frå EMD her. Dette gjer at dommane vert meir tilgjengelege for dommarar, advokatar og andre interesserte. I ein del tilfelle vert også norske domstolar informerte særskilt om dommar mot Noreg. I nokre tilfelle har det vore nødvendig å setje i verk andre generelle tiltak for å hindre at EMK vert krenkt i framtida. I *Folgerø m. fl. mot Noreg (2007)* vart det mellom anna sendt ut et rundskriv til alle barne- og ungdomsskulane i landet, i tillegg til at det vart gjennomført konkrete endringar i opplæringslova. Slike tiltak bidreg til å førebyggje liknande krenkingar i framtida.

I 2009 avslutta Ministerkomiteen tilsynet med følgjande dommar mot Noreg: *A og E Riis mot Noreg (nr. 2)* (2008) og *Kaste og Mathiesen mot Noreg* (2007).



Ministerkomiteen hadde per 31. desember 2009 enno ikkje avslutta tilsynet med følgjande dommar som er avsagde mot Noreg: *A mot Noreg* (2009), *TV Vest og Rogaland pensjonistparti mot Noreg* (2008), *Orr mot Noreg* (2008), *Folgerø m. fl. mot Noreg* (2007), *Sanchez Cardenas mot Noreg* (2007) og *Hammeren mot Noreg* (2003).

### 3.3 Den europeiske menneskerettskommisjonen

Den europeiske menneskerettskommisjonen skal fremje kunnskap om og respekt for menneskerettane slik dei er nedfelte i dei ulike menneskerettsinstrumenta til Europarådet. Menneskerettskommisjonen behandlar ikkje individuelle klagar på menneskerettsbrot – noko som ligg til Den europeiske menneskerettsdomstolen – men overvaker, i samarbeid med nasjonale ombodsmenn eller tilsvarende nasjonale menneskerettsinstitusjonar, den generelle etterlevinga av menneskerettane i medlemslanda, i tillegg til at han gjev råd om korleis menneskerettane kan vernast mest effektivt.

Ved utgangen av 2009 hadde alle medlemslanda hatt minst eitt besøk av kommisjonen sidan embetet vart oppretta i 1999. Kommisjonen vil ikkje gjennomføre ein ny syklus for generell menneskerettsovervaking i medlemslanda, men satsar heller på ein meir fokusert dialog med medlemslanda basert på dei tidlegare landrapportane hans og aktuelle problemstillingar. Han prioriterer òg å vidareutvikle arbeidet sitt med strategiske tema gjennom m.a. utarbeiding av såkalla synspunkt (view points) og tematiske rapportar om aktuelle menneskerettslege problemstillingar.

Kommisjonen publiserte i 2009 rapportar frå besøk til elleve land (Monaco, Nederland, Serbia, Hellas, Belgia, Italia, Kosovo, Moldova, Tyrkia, Russland og Georgia). Rapportane om Russland og Georgia hadde fokus på situasjonen i Tsjetsjenia og Ingusjetia og situasjonen i områda som er råka av konflikten mellom Russland og Georgia.

Kommisjonen hadde i 2009 framleis eit særleg fokus på situasjonen til minoritetar, innvandrarar, flyktingar og asylsøkjjarar og kampen mot diskriminering og intoleranse. Rapportane etter besøk til Hellas, Italia og Tyrkia fokuserte utelukkande på desse tema. Situasjonen for immigrantar og asylsøkjjarar var eit sentralt tema òg for dei fleste andre landbesøka/rapportane. Kommisjonen uttrykte alvorleg uro for ein europeisk trend i retning av kriminalisering av innvandrarar

utan lovleg opphald, som han meiner ikkje svarer med Europarådets og internasjonale menneskerettsstandardar. Han organiserte difor i september 2009 eit ekspertseminar om kriminalisering av migrasjon i Europa (*Human Rights Responses to Criminalisation of Migration in Europe*).

Kommisjonen fortsette arbeidet med å overvake gjennomføringa av seks prinsipp for å verne menneskerettane til sivilbefolkninga og for å hjelpe den humanitære krisa i områda som er råka av konflikten mellom Russland og Georgia. Desse seks prinsippa har fått brei oppslutning frå medlemslanda og har tent som målestokk for Europarådets evaluering av framgangen i dei konfliktramme områda. Noreg støtta menneskerettsarbeidet til kommisjonen i desse områda økonomisk via det norskinitierte menneskerettsfondet. Kommisjonen fekk stor ros for arbeidet knytt til konflikten, medrekna for den faktiske og objektive karakteren til rapportane, noko som opna for eit godt samarbeid med alle partane i konflikten. Samarbeidet med Georgia har likevel etter kvart vorte noko vanskelegare. Georgia skuldar kommisjonen for å vere partisk. Kommisjonen fortsette i 2009 å spele ei nøkkelrolle for utveksling av fangar og avklaring av skjebnen til sakna personar.

Besøket til Russland fokuserte på menneskerettssituasjonen i Tsjetsjenia og Ingusjetia, med særleg vekt på situasjonen for menneskerettsforsvararar, behov for antiterroriltak i tråd med menneskerettsprinsipp, klargjering av lagnaden til sakna personar og kamp mot korrupsjon. Medan kommisjonen i 2008 rapporterte om sannsynleg vesentleg reduksjon i forsvinningar og påstandar om tortur i *Tsjetsjenia*, uttrykte kommisjonen etter besøket til regionen i september 2009 uro over rapportar om ein ny auke i talet på forsvinningar i Tsjetsjenia sidan slutten av 2008. Mellom anna på bakgrunn av drapet på menneskerettsforsvararen Natalia Estemirova frå den frivillige organisasjonen Memorial uttrykte han alvorleg uro for ei forverring av tryggleiken til menneskerettsforsvararar i Tsjetsjenia. Mangel på effektiv etterforskning av menneskerettsovergrep og dermed straffridom for dei skuldige var, ifølgje kommisjonen, eit stadig problem i Tsjetsjenia.

Menneskerettskommisjonens besøk til Moldova og den påfølgjande rapporten hadde hovudfokus på påstandar om mishandling av personar som var fengsla i samband med demonstrasjonane etter valet i april 2009. Rapporten inneheld til-

rådingar til moldovske styresmakter med sikte på m.a. å førebyggje politivald.

Kommissæren var òg oppteken av situasjonen for andre sårbare grupper, medrekna psykisk utviklingshemma, barn og lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT-personar). Han publiserer synspunkt og tematiske rapportar om respekt for menneskerettane til desse gruppene.

Kommissæren besøkte ikkje Noreg i 2009, utover deltakinga på justisministerkonferansen om vald i nære relasjonar i Tromsø i juni 2009 og opninga av Det europeiske Wergelandsenteret i Oslo i mai 2009.

### 3.4 Den europeiske torturovervakingskomiteen (CPT)

Den europeiske komiteen for førebygging av tortur (torturovervakingskomiteen – CPT) overvaker oppfølginga i medlemslanda av den europeiske konvensjonen mot tortur og anna umenneskeleg eller nedverdiggande behandling. Målet er å førebyggje brot på den europeiske menneskerettskonvensjonen, som forbyr tortur og umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff. CPT besøker medlemslanda periodisk eller ad hoc for å føre tilsyn med behandlinga av personar som er fråtekne fridomen, og besøker m.a. fengsel, politiarrestar, psykiatriske institusjonar, eldreheimar, militærleirar og mottakssenter for immigrantar som er fråtekne fridomen. Komiteen skal ha fri tilgang til dei aktuelle stadene og høve til å ha fortrulege samtalar med dei som er fråtekne fridomen. Komiteen er òg i regelmessig dialog med styresmaktene i medlemslanda.

CPT presenterte 21. oktober 2009 den 19. årsrapporten sin (som dekkjer perioden 1. august 2008 til 31. juli 2009) for Ministerkomiteen.

Komiteen reiste i perioden på periodiske besøk til ti land (Austerrike, Ungarn, Italia, Luxembourg, Montenegro, Russland, Slovakia, Sverige, Tyrkia og Storbritannia) og ad hoc-besøk til ni land (Aserbajdsjan, Bosnia-Hercegovina, Bulgaria, Frankrike (Fransk Guyana), Georgia (Abkhasia), Hellas, Italia, Moldova og Russland (Nord-Kaukasus)). Det var ingen besøk til Noreg i 2009, og det er heller ikkje planlagt besøk for 2010. Komiteen har besøkt Noreg fire gonger, seinast i 2005.

Rapportane frå CPT etter besøka vert i utgangspunktet ikkje offentleggjorde utan at det aktuelle medlemslandet samtykkjer i dette. CPT viser i årsrapporten til ein positiv trend når det gjeld

offentleggjering av rapportane frå komiteen, men nemner spesielt Russland og Aserbajdsjan som to unntak her (Russland hadde offentleggjort éin av seksten rapportar og Aserbajdsjan éin av fem). Noreg held fram å arbeide saman med m.a. dei nordiske landa for at innsynslinja skal vinne så brei tilslutning som mogeleg.

Sjølv om medlemsstatane generelt viste god vilje til å samarbeide med komiteen i perioden, rapporterer CPT om tilfelle av forseinka tilgang til spesifikke institusjonar, tilsynelatande som følgje av utilstrekkeleg kunnskap om komiteens mandat og fullmakter.

CPT gjer i årsrapporten opp status etter 20 års arbeid og identifiserer hovudutfordringar framover. Komiteen viser til at han berre delvis har lukkast i å utøve det førebyggjande mandatet sitt i regionar der dei sentrale styresmaktene ikkje har effektiv kontroll. CPT har så langt ikkje fått tilgang til Sør-Ossetia (der dei faktiske styresmaktene har signalisert at dei ikkje ønskjer CPT-besøk) og Nord-Kypros, og komiteen har heller ikkje besøkt Nagorno-Karabakh. Derimot har CPT nyleg besøkt Abkhasia (der dei faktiske styresmaktene samarbeidde fullt ut med CPT), Transnistria og Kosovo. CPT beklagar at det ofte vert vist til formelle hindringar for at CPT kan operere i dei nemnde regionane, hindringar som ifølgje CPT i visse tilfelle synest å vere politisk motiverte.

CPT meiner at hovudutfordringane framover vert kamp mot straffridom for tortur og umenneskeleg behandling, overfylte fengsel på tvers av Europa og den potensielle spenninga mellom statars plikt til å verne borgarane, for eksempel mot terrorisme, og behovet for å vareta grunnleggjande verdiar. Årsrapporten frå CPT har eit særleg tematisk fokus på situasjonen for migrantar utan lovleg opphald som er fråtekne fridomen, og gjev detaljerte synspunkt på kva rettsgarantiar denne gruppa bør nyte godt av medan dei er fråtekne fridomen.

Det har kome éi melding frå CPT til Noreg i 2009. Saka galdt ein innsett som hadde vore plassert i ein lengre periode i eit soningsregime med særleg høg sikring. Svaret frå Noreg vart sendt 1. juli 2009 med grunngjevinga for opphaldet under desse tilhøva basert på ei samla risikovurdering, ei framstilling av soningsforholda i denne perioden, opplysningar om helsetilstanden til den domfelte og ein meir generell oversikt over den svært avgrensa bruken av denne typen soning. Vedkommande vart overført til eit soningsregime med vanleg høg sikring allereie i november 2008.

### 3.5 Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving (Venezia-kommisjonen)

Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving (Venezia-kommisjonen) vart oppretta i 1990. Formålet var å støtte demokratiseringsprosessen i dei sentral- og austeuropiske landa ved å gje juridisk assistanse til utforminga av grunnlover og andre sentrale lover i statar som er bygde på demokratiet og rettsstatsprinsippa.

Etter at Russland vart med i 2001, er alle medlemsstatane i Europarådet medlemmer i kommisjonen, men andre er òg med. Ved utgangen av 2009 hadde Venezia-kommisjonen 57 statar med full medlemskap, 1 stat med assosiert medlemskap (Kviterussland) og 8 observatørstatar. Dessutan deltek EU og OSSE saman med Sør-Afrika og dei palestinske styresmaktene med spesiell status i Kommisjonen.

Den viktigaste oppgåva til Kommisjonen er å gje konkrete råd i pågåande lovgjeving. Kommisjonen gav i 2009 råd til Albania, Algerie, Armenia, Aserbajdsjan, Bosnia-Hercegovina, Bulgaria, Egypt, Estland, Georgia, Kirgisistan, Latvia, Luxembourg, Moldova, Montenegro, Russland, Serbia, Tadsjikistan, Tyrkia, Ukraina, Ungarn og dei palestinske styresmaktene. I tillegg er Kommisjonen blitt orientert om utviklinga i konstitusjonelle spørsmål i medlems- og observatørstatane.

Kommisjonen arbeider dessutan med utgreiingar og studiar av meir generell karakter. I 2009 vart det vedteke vel 50 fråsegner om rettslege spørsmål i ein stat. Kommisjonen slutførte arbeidet med 10 studiar, m.a. ein studie om private aktørar som utfører sikringsoppdrag, og ein studie om generelle spørsmål om grunnlovsendingar. Kommisjonen var med på å arrangere 23 seminar i medlemsstatane.

Venezia-kommisjonen har hand om eit praktisk og juridisk samarbeid mellom forfatningsdomstolane og høgsterett i medlemsstatane. Kommisjonen har i denne samanhengen oppretta ein database over rettsavgjerder (CODICES). Kommisjonen arrangerer, i samarbeid med ein eller fleire medlemsstatar, lokale seminar om spørsmål innanfor virkeområdet sitt. Dette skjer ofte innanfor ei seminarrekke som Kommisjonen har sett i gang, UNIDEM.

Lovrådgjevar Jan Helgesen, UD, er norsk medlem av Venezia-kommisjonen. Han blei i 2007 vald til president for Kommisjonen og i desember 2009 til første visepresident. Professor Fredrik Sejersted, juridisk fakultet, Universitetet i Oslo, blei i

2008 oppnemnd som norsk varamedlem og møter fast i Kommisjonen når Helgesen presiderer.

### 3.6 Europarådets kommisjon mot rasisme og intoleranse (ECRI)

Den europeiske kommisjonen mot rasisme og intoleranse (ECRI) er eit uavhengig overvakingorgan som har som målsetjing å nedkjempe vald, diskriminering og fordommar mot personar eller grupper av personar basert på m.a. rase, farge, språk, religion, nasjonalitet eller etnisk opphav. ECRI utarbeider generelle tilrådingar om tiltak for å nedkjempe rasisme og intoleranse. Ministerkomiteen behandla i februar 2009 den tolvte generelle tilrådinga frå ECRI om kamp mot rasisme og rasistisk diskriminering i idrett.

Vidare overvaker ECRI situasjonen med tanke på rasisme og intoleranse i medlemslanda og vurderer i denne samanhengen nasjonal lovgjeving og politikktutforming med sikte på å kunne gje nasjonale styresmakter råd om relevante tiltak for å nedkjempe rasisme og intoleranse.

ECRI legg i overvakinga si vekt på å ha nær kontakt med det sivile samfunnet i medlemslanda, i tillegg til nasjonale styresmakter, og har på grunn av dette vorte kritisert av enkelte medlemsland for å vere eit talerør for frivillige organisasjonar.

ECRI la i 2009 fram rapportar om følgjande land for Ministerkomiteen: Tsjekkia, Hellas, Sveits, Belgia, Tyskland, Slovakia, Bulgaria, Ungarn og Noreg.

ECRI presenterte i mai 2009 den siste årsrapporten sin for Ministerkomiteen, der ECRI m.a. gjer greie for hovudtrender og utfordringar i Europa når det gjeld rasisme og diskriminering. Islamofobi, antisemittisme, diskriminering av rom og romani og diskriminering av personar med afrikansk utsjånad er, ifølgje ECRI, framleis utbreidde og aukande problem.

Når det gjeld tiltak for å nedkjempe denne rasismen og diskrimineringa, tilrår ECRI følgjande generelle tiltak:

- styrkt rettsvern mot rasistiske handlingar og diskriminering på grunnlag av rase, farge, religion, nasjonalitet eller nasjonalt eller etnisk opphav,
- oppretting av uavhengige, spesialiserte nasjonale organ for nedkjemping av rasisme og rasediskriminering,
- oppmoding til alle land som enno ikkje har gjort det, om å ratifisere protokoll 12 til den eu-

ropeiske menneskerettskonvensjonen om eit generelt forbod mot diskriminering.

Den fjerde rapporten frå ECRI om Noreg, som byggjer på kontaktbesøk til Noreg i mars 2008, vart vedteken av ECRI i desember 2008 og fremja for Ministerkomiteen i februar 2009. Noregs kommentarar er tekne inn som vedlegg til rapporten.

ECRI framhevar i rapporten at det er gjort framgang på ei rekkje område sidan publiseringa av den tredje rapporten frå ECRI om Noreg i 2004. Dette gjeld spesielt styrking av det rettslege vernet mot diskriminering. ECRI peiker på at trass i framgang er det fleire saker som gjev grunnlag for uro. Dette dreier seg hovudsakleg om situasjonen for ungdom på arbeidsmarknaden og i skulesituasjonen. Det er skeive forhold i bustadsektoren, og det er mangel på bruk av kvalifisert tolk innanfor helsesektoren og rettsvesenet. ECRI meiner det òg må gjerast meir for å skaffe data om faktiske tilfelle av rasediskriminering og om stillinga til minoritetsgrupper på fleire område.

Regjeringa la fram ein ny handlingsplan for å fremje likestilling og hindre etnisk diskriminering i april 2009. Planen inneheld 66 nye tiltak innanfor ansvarsområda til ni departement. Tiltaka skal gjennomførast i perioden 2009–2012. Eit av tiltaka i handlingsplanen er å vurdere tilrådingane frå ECRI nærare og følgje opp med nødvendige tiltak. Norske styresmakter var kjende med rapportutkastet og tilrådingane frå ECRI då handlingsplanen vart utarbeidd, og har teke omsyn til tilrådingane i arbeidet med planen. Handlingsplanen inneheld mellom anna ei rekkje tiltak innanfor arbeidslivet, offentleg tenesteyting og barnehage, skule og utdanning. Kartlegging av bruk av tolk i offentleg tenesteyting og betre bruk av kvalifisert tolk i offentleg sektor er blant tiltaka i planen.

I 2009 vart det innført ei aktivitets- og rapporteringsplikt for arbeidsgjevarar, offentlege styresmakter og organisasjonane i arbeidslivet i diskrimineringslova.

Eit lovutval la i juni 2009 fram forslag om ei samla diskrimineringslov (NOU 2009: 14 Et helhetlig diskrimineringsvern). Utvalet har òg vurdert om Noreg bør ratifisere protokoll 12 til den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Fleirtalet i utvalet tilrår at Noreg ikkje ratifiserer tilleggsprotokollen. Regjeringa vil ta stilling til spørsmålet om ratifisering i det vidare arbeidet med oppfølging av innstillinga frå utvalet.

### 3.7 Europarådets utviklingsbank (CEB)

Europarådets utviklingsbank (CEB) vart oppretta i 1956. Mandatet var opphavleg at banken gjennom utlånspolitikken skulle bidra til løysingar på flyktningproblem i Europa. Seinare er mandatet utvida slik at banken skal bidra til sosialt samhoer i Europa. 40 av medlemslanda i Europarådet er òg medlemmer av CEB. Blant landa som ikkje er medlemmer av CEB, er Russland, Storbritannia, Ukraina og Austerrike.

Noreg blei medlem av CEB frå 1. januar 1978 og representerer 1,268 % av kapitalen i banken. Banken vert leidd av ein guvernør og har eit styre og eit administrasjonsråd der alle medlemslanda er representerte. Banken er juridisk og finansielt uavhengig, men er knytt til Europarådet gjennom ein delavtale.

Sidan opprettinga har CEB lånt ut til saman ca. 30 milliardar euro. Berre i 2009 lånte banken ut ca. 2,6 milliardar euro. Hovuddelen av utlåna frå CEB går til område som sosiale formål, miljøtiltak, utdanning og helse. Dei fattigaste medlemslanda er definerte som målgruppeland. Av nye prosjekt som vart godkjende i 2008, gjekk 65 % (27 av 39 prosjekt) til målgruppeland. Det har lenge vore ein diskusjon i CEB om kor stor del av utlåna som bør gå til målgruppeland. Enkelte medlemmer, mellom anna dei nordiske landa, arbeider for å auke denne delen. Sidan desse utlåna vert rekna som meir risikable, må ein òg sjå dette spørsmålet i samheng med lånetilliten til CEB, som no er på det høgaste nivået (AAA).

Saman med dei andre nordiske og baltiske landa har Noreg dei seinaste åra spelt ei sentral rolle i arbeidet for å gjere Europarådets utviklingsbank meir fokusert på hovudoppgåvene til Europarådet og for å påskunde reform av utlånspolitikk, leiing og ekstern kommunikasjon. Noreg har tatt til orde for meir likestilling i toppleinga, større innsyn i vilkåra og verva til toppleiarane, betre kontrollrutinar og ein meir aktiv og synleg ekstern kommunikasjonspolitikk. På mellom anna norsk initiativ vart det i 2009 gjennomført omfattande endringar i dei etiske åtferdsreglene for banken med sikte på å unngå interessekonfliktar og gje betre innsyn i omfanget av tilleggsinntekter frå verv toppleiarar har hatt utanfor CEB.

### 3.8 Forum for demokrati (FFD)

Forum for demokrati (FFD) vart oppretta i 2005 for å styrkje demokratiet, politisk fridom og bor-

garane sin medverknad i samfunnet. Forumet skal gje impulsar til det kontinuerlege arbeidet i Europarådet for å sikre og konsolidere demokratiet i den europeiske regionen. Det samlar deltakarar frå både politiske parti og sentral- og lokaladministrasjonen, frivillige organisasjonar og akademia. Det vert lagt vekt på dialog, debatt og utveksling av erfaringar.

Etter lanseringa av forumet i Warszawa i 2005 er det organisert fire samlingar. Den første fann stad i Moskva i 2006 og tok føre seg rolla dei politiske partia spelar i bygginga av demokrati, medan den andre dreidde seg om det gjensidig avhengige forholdet mellom demokrati og menneskerettar. Samlinga vart halden i Stockholm, med svært brei deltaking frå alle partar.

Den tredje samlinga fann stad i Madrid i 2008 og hadde e-demokrati som tema, med hovudvekt på at denne tilleggskanalen for demokratisk prak-

sis og deltaking kan bidra til betre innsyn og ansvarleggjering og gjere dei demokratiske institusjonane meir lydhøyre. Det kan også bidra til å styrkje det demokratiske engasjementet hos borgarane og auke tilgangen til den demokratiske prosessen.

Den fjerde samlinga vart organisert i Kiev i oktober 2009. Temaet var denne gongen korleis valordningar kan fremje demokratiet i det 21. hundreåret. Forumet drøfta prinsipp og regelverk, i tillegg til god praksis, på område som det interne demokratiet i politiske parti, finansiering av kampanjar, tilgang til media og appellordningar og kontrollmekanismer, medrekna internasjonal valovervaking.

Det er sett i gang ei evaluering av Forum for demokrati med sikte på å trekkje lærdom av dei erfaringane som er gjorde.

## 4 Det faglege samarbeidet på hovudområda. Menneskerettar og likestilling

### 4.1 Menneskerettar

---

Styringskomiteen for menneskerettar (CDDH) arbeider med utvikling og vern av menneskerettane. Komiteen møtest to gonger i året og har ei rekkje underordna komitear og ekspertgrupper.

Hovudtema for CDDH var òg i 2009 utfordringane som er knytte til dei omfattande og stadig veksande restansane EMD står overfor. Sjå òg punkt 3.2 i meldinga om Menneskerettsdomstolen.

CDDH var involvert i arbeidet med utarbeiding av ein ny protokoll 14bis til EMK i lys av at Russland ikkje hadde ratifisert protokoll 14 på det dåverande tidspunktet. Noreg var blant dei første landa som underteikna protokoll 14bis, og gav samtidig ei erklæring om provisorisk bruk av protokollen. Sjå òg punkt 2.2 og 3.1 i meldinga.

CDDH har vidare, på bakgrunn av arbeidet i ei underleggjande refleksjonsgruppe, lagt fram ein aktivitetsrapport som føreslår ytterlegare tiltak – ut over protokoll 14 og den tilhøyrande reformpakken – for å sikre eit effektivt kontrollsystem over tid. Komiteen var sterkt involvert i dei faglege førebuingane av Interlaken-konferansen.

CDDH ferdigstilte i 2009 ei erklæring om menneskerettane i multikulturelle samfunn. Erklæringa vart vedteken av Ministerkomiteen 1. juli 2009. CDDH har vidare oversendt til Ministerkomiteen for vedtaking forslag til retningslinjer for vern av menneskerettar i samband med hurtig avgjerd i asylsaker og tre tilrådingar om høvesvis diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar, menneskerettar for medlemmer av dei væpna styrkane og effektive rettsmiddel mot for lange rettsprosessar.

Ei undergruppe under CDDH arbeider med retningslinjer for å unngå straffridom ved alvorlege krenkingar. CDDH vil òg vere involvert i arbeidet med EUs tiltreding til EMK.

Hovudoppgåva til CDDH er framleis reform av EMD. Det er oppretta ei eiga reformgruppe (DH-GDR) som skal arbeide med oppfølging av Interlaken-erklæringa framover.

### 4.2 Likestilling

---

Styringskomiteen for likestilling (CDEG) arbeider for like sjansar og like rettar for kvinner og menn, med nedkjemping av kjønnsbasert vald og med integrering av kjønnslikestilling i Europarådet og medlemslanda. Mandatet til komiteen byggjer på resolusjonen og handlingsplanen frå den politiske erklæringa og handlingsplanen frå toppmøtet i Warszawa i 2005 og ministermøtet i Stockholm i 2006.

Komiteen utarbeidde i 2009 ei erklæring om å oppnå de facto likestilling mellom kjønna. Erklæringa vart vedteken på utanriksministermøtet i ministerkomiteen i Madrid 12. mai 2009.

CDEG har slutført arbeidet med å lage ei handbok i integrering av kjønns- og likestillingsperspektivet i budsjettarbeid («*Gender budgetting*»). Denne handboka vart følgd opp med konferanse i Aten i mai med norsk deltaking.

Ei anna hovudsak for CDEG i 2009 har vore førebuingane til ministerkonferansen for likestilling i Baku, Aserbajdsjan, 25.–26. mai 2010. Komiteen har laga utkast til resolusjonstekst og handlingsplan for konferansen.

Deltakarlanda i CDEG har per 2009 ikkje blitt samde om forslag til tilrådingar om kvinner og menns roller i konfliktførebygging og fredsarbeid. Usemja omhandlar spørsmål om abort etter overgrep i krig og konflikt.

### 4.3 Menneskehandel

---

Arbeidet mot menneskehandel er styrkt i stor grad ved at *Europarådets konvensjon mot menneskehandel* tredde i kraft 1. februar 2008. Noreg blei part i konvensjonen 1. mai 2008. Konvensjonen var per januar 2010 ratifisert av 26 land og underteikna av ytterlegare 15 land.

Konvensjonen baserer seg i hovudsak på same definisjon for menneskehandel som den såkalla Palermo-protokollen til FN-konvensjonen mot grenseoverskridande organisert kriminalitet, men

Europarådskonvensjonen gjeld i tillegg for handel med menneske innanfor grensene til det enkelte landet og for uorganisert verksemd. Europarådskonvensjonen har som formål å førebyggje utnytting av menn, kvinner og barn m.a. til prostitusjon, tvangsarbeid og organhandel. Han skal særleg sikre reelt vern av ofra og menneskerettane deira, men òg sørgje for straffeforfølgning av bakmenn.

Konvensjonen set opp ein todelt overvåkingsmekanisme. Den uavhengige ekspertgruppa «*Group of Experts against Trafficking in Human Beings*» (GRETA) skal føre tilsyn med at statspartane etterlever konvensjonsforpliktingane sine. Det meir politiske organet, Partskomiteen, som er sett saman av representantane for statspartane i Ministerkomiteen, skal på grunnlag av rapportane og konklusjonane frå GRETA gje tilrådingar til statspartane om tiltak mot menneskehandel.

Partskomiteen møttest for første gong i desember 2008. Komiteen vedtok då forretningsorden og valde medlemmer til GRETA (13 av 15), mellom dei norske Hanne Sophie Greve, lagdommar og tidlegare dommar ved Den europeiske menneskerettsdomstolen i Strasbourg. Medlemene vart valde for ein periode på fire år, med start 1. januar 2009. (Partskomiteen skal velje dei to siste medlemene av GRETA i byrjinga av 2011.)

Partskomiteen møttest to gonger i 2009. Ved begge høva stod den vanskelege ressursituasjonen i GRETA på dagsordenen. Noreg gjekk i forhandlingane om Europarådsbudsjettet for 2010 inn for at GRETA skulle få tilstrekkelege ressursar til å utføre overvåkingsarbeidet sitt på ein kvalitativt god måte. Dette resulterte i eit revidert budsjettforslag frå Generalsekretæren om ein ytterlegare auke i GRETA-budsjettet.

Eit anna tema for partskomiteen har i 2009 vore overlappning av aktivitetane på menneskehandelsfeltet mellom Europarådet og andre regionale organisasjonar som OSSE og EU. Partskomiteen vedtok i mars 2010 å halde ein tematisk debatt om koordinering mellom dei internasjonale organisasjonane som arbeider på menneskehandelsområdet, dvs. Europarådet, EU, OSSE og FN.

GRETA møttest for første gong i februar 2009. Den norske medlemen, lagdommar Hanne Sofie Greve, vart vald til president for GRETA. Gruppa har vedteke å gjennomføre fireårige overvåkings-sykluser, der den første vil starte med eit spørjeskjema til statspartane. Formålet er å gje GRETA ei oversikt over det nasjonale rettslege rammeverket mot menneskehandel og for vern av ofra. Dei ti første landa som vart partar til konvensjonen, vil

få tilsendt spørjeskjemaet tidleg i 2010, og GRETA vil besøkje og vedta rapportar for desse landa innan utgangen av 2010. Noreg vil få tilsendt spørjeskjemaet innan februar 2011, og det er planlagt at ein rapport om Noreg skal vedtakast innan utgangen av 2011. Statspartane er bedne om å utpeike eit nasjonalt kontaktpunkt for rapporteringa om menneskehandel. For Noregs del vil dette vere nasjonal koordinator for menneskehandel i Justisdepartementet.

Handel med menneske som har som formål å fjerne organ, er ein del av det større problemet menneskehandel, og vert dekt av Europarådskonvensjonen mot menneskehandel. Ein felles Europaråds- og FN-studie frå 2009 understrekar likevel at det er viktig å skilje mellom på den eine sida menneskehandel som har som formål å fjerne organ, og på den andre sida handel med organ, vev og celler meir generelt, som ikkje er dekt av noko internasjonalt rettsleg instrument. Det er ulovleg å tene pengar på menneskekroppen og delar av han, eit prinsipp som vart fastslått for første gong i eit rettsleg bindande instrument i 1997 (i Europarådskonvensjonen om menneskerettar og biomedisin, artikkel 21). Samtidig finst det ikkje nokon internasjonal godkjend definisjon av omgrepet «handel med organ, vev og celler».

Den felles Europaråds- og FN-studien tilrår difor at det vert utarbeidd eit internasjonalt rettsleg instrument som gjev ein slik definisjon, som omfattar tiltak for å førebyggje handel med organ, vev og celler og for å verne ofra for slik handel, og som inneheld føresegner om straff for denne typen verksemd. Ministerkomiteen vedtok i januar 2010 å be dei relevante styringskomiteane i Europarådet, saman med GRETA, om synspunkt på denne tilrådinga med sikte på å vurdere om det bør utarbeidast ein ny Europarådskonvensjon på området. FNs generalforsamling vedtok hausten 2009 med konsensus ein resolusjon om FNs kriminalitetsprogram, der det mellom anna er teke med ein referanse til Europaråds- og FN-studien. Referansen er ei godkjenning av studien blant medlemslanda i FN.

#### **4.4 Vald mot kvinner og vald i heimen**

Europarådskampanjen for å kjempe mot vald mot kvinner og vald i heimen vart avslutta sommaren 2008. Sjølve kampanjen var basert på at det enkelte medlemslandet gjennomfører tiltak nasjonalt og rapporterer til det sentrale nivået for å få oversikt over situasjonen på europeisk nivå. Kampan-

jen avdekte at det var nødvendig å utarbeide eit juridisk bindande instrument for å førebyggje vald mot kvinner, verne offer for slik vald og å straffe overgriparane.

I desember 2008 fatta Ministerkomiteen i Europarådet vedtak om at det skal utarbeidast ein konvensjon om vald mot kvinner og vald i nære relasjonar og oppnemnde ein ad hoc-komité for å leie arbeidet med å utarbeide konvensjonen.

Justisdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet representerer Noreg i arbeidsgruppa. Det er i 2009 halde to møte i arbeidsgruppa, som kom fram til ein foreløpig rapport partane kunne vere samde om, i mai 2009. Rapporten vart vedteken av Ministerkomiteen i Europarådet 1. juli 2009. Det skal haldast tre møte i arbeidsgruppa i 2010.

Noreg var vertskap for Europarådets 29. justisministerkonferanse som fann stad i Tromsø 17.–19. juni 2009. I underkant av 200 deltakarar, mellom dei 23 justisministrar og visegeneralsekretæranne frå FN og Europarådet, deltok på konferansen for å diskutere vald i nære relasjonar (*Breaking the Silence, United against Domestic Violence*).

Konferansedeltakarane drøfta vald i nære relasjonar m.a. med utgangspunkt i ein rapport frå den norske justisministeren. Rapporten peiker på at det trengst eit heilskapleg perspektiv, menneskerettar, strafferettslege tiltak, vernetiltak og tiltak for barn som er eksponerte for vald i nære relasjonar.

Konferansen vedtok ein resolusjon om førebygging av og respons på vald i nære relasjonar.

#### **4.5 Livskvalitet og rettar for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (lhbt)**

---

Etter vedtak i Ministerkomiteen og styringskomiteen for menneskerettar vart det i 2009 etablert ein ekspertkomité (DH-LGBT) for spørsmål som gjeld rettane for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar. I tråd med mandatet leverte ekspertkomiteen i november 2009 eit forslag til tilråding om lhbt-politikken i medlemslanda til styringskomiteen for menneskerettar. Noreg var medlem i ekspertgruppa og deltok både i arbeidet i komiteen og i nettverket av styresmaktsrepresentantar frå land som har interesse i ein meir aktiv politikk for å sikre rettar og ein betre livskvalitet for lhbt-befolkninga i Europa.

Forslaget til tilråding fokuserer mellom anna på at lovverk må tilpassast eller innførast, og handhevast, at andre nødvendige politiske tiltak må setjast i verk, og at kunnskapsutvikling må gjennomførast for å motarbeide diskriminering som skjer på grunnlag av seksuell orientering eller kjønnsuttrykk. I vedlegg til utkastet til tilråding vert det gjort greie for korleis landa bør gjennomføre ein ikkje-diskrimineringspolitikk for lhbt-personar på ei rekkje samfunnsområde, mellom anna i idretten, på arbeidsmarknaden, i bustadsektoren, innanfor helse-, utdannings- og asylfeltet, når det gjeld familieliv, privatliv og interessepolitisk arbeid og på politi- og justisområdet. Det vert foreslått at ein skal gå gjennom implementeringa av tilrådinga tre år etter at ho er vedteken. Forslaget skal etter planen behandlast i Ministerkomiteen i 2010.



## 5 Juridisk samarbeid

### 5.1 Sivilrettsleg samarbeid

---

Styringskomiteen for sivilrettsleg samarbeid (CDCJ) har som formål å fremje effektive og demokratiske rettssystem i medlemslanda. Komiteen arbeider særleg for å fremje juridisk samarbeid innanfor forvaltningsrett, barne- og familierett, sivilprosess, statsborgarskap og asyl- og flyktningsspørsmål. Komiteen har eit svært breitt arbeidsfelt og ei lang rekkje ekspertgrupper og komitear underordna seg.

Av viktige resultat i 2009 kan det nemnast tre rekommandasjonar som er førebudde i CDCJ og dei underordna komiteane, som alle vart endeleg vedtekne av Europarådets ministerkomité 9. desember 2009. Det gjeld i) CM/Rec(2009)11 om framtidfullmakter, ii) CM/Rec(2009)12 om forsvunne personar og personar ein reknar med er døde og iii) CM/Rec(2009)13 om barns statsborgarskap. Noreg har delteke aktivt i utforminga av desse rekommandasjonane, både i underordna ekspertkomitear og i styringskomiteen (CDCJ).

Ekspertgruppa om barnevennleg rettspleie fekk forlenga mandat ut 2010 for å lage retningslinjer for medlemslanda når det gjeld behandling av barn i sivile saker og strafferettssaker, både for domstolane og ved andre former for konfliktløsning. Det vart òg gjeve mandat ut 2010 til ei ny ekspertgruppe (CJ-S-MG) for å lage utkast til ein rekommandasjon om tilgang til rettsmiddel for migrantar og asylsøklarar.

### 5.2 Strafferettsleg samarbeid

---

Justisdepartementet deltek på vegner av Noreg i Europarådets styringskomité for strafferettsleg samarbeid (CDPC). Ei hovudsak på plenarforsamlinga i oktober 2009 var den tredje tilleggsprotokollen til den europeiske konvensjonen om utlevering av 13. desember 1957, med forklarande rapport. Tilleggsprotokollen omhandlar forenkla utleveringsprosedyre i saker der den som er kravd utlevert, samtykkjer til utlevering. Noreg har vore representert i utarbeidinga av teksten og slutta seg til denne. Saka er oversend til Minister-

komiteen for endeleg vedtak. Ei anna viktig sak er ny konvensjon om kamp mot forfalska legemiddel og andre medisinske produkt, i tillegg til andre truslar mot folkehelsa. Noreg støttar arbeidet som er gjort, sidan det vil forbetre både pasientrettar og forsvarlege tenester. Teksten skal behandlast av Ministerkomiteen i løpet av våren 2010. I tillegg behandla styringskomiteen tilrådingar som er knytte til kriminalomsorg. Noreg ser på denne tilrådinga som viktig og ønskjer velkome det arbeidet som er gjort. Det er svært vanskeleg å lage harmoniserte reglar innanfor kriminalomsorg som samtidig inkluderer organiseringa i dei ulike landa.

Innanfor det strafferettslege samarbeidet har gruppa for påtale (CCPE) og gruppa for domstolane (CCJE) utarbeidd ei vurdering om forholdet mellom dommarar og påtalemakter, den såkalla Bordeaux-erklæringa. Saken vart lagd fram for ministerkomiteen i januar 2010.

Europarådets gruppe for effektivisering av justissektoren (CEPEJ) har som mål å bidra til effektivitet og god funksjonalitet i justisvesenet i medlemslanda. CEPEJ legg annakvart år fram ein rapport om dei europeiske rettssystema basert på innrapportering frå medlemslanda. To norske domstolar, Nedre Romerike tingsrett og Frostating lagmannsrett, er med i eit nettverk av europeiske domstolar som mellom anna ser på ulike tiltak for å redusere saksbehandlingstida i domstolane.

Det vart halde to plenumsmøte i CEPEJ i 2009. Arbeidet har mellom anna gått ut på å førebu eit møte mellom dei nordiske landa og ei intern evalueringgruppe i CEPEJ i Oslo i mai 2010.

### 5.3 Folkerettsleg samarbeid

---

Noreg legg stor vekt på arbeidet i Europarådets folkerettskomité (CAHDI). Komiteen samlast to gonger i året og omfattar leiarane for rettsavdelingane i utanriksdepartementa i dei 47 medlemslanda, som har ansvaret for folkerettslege spørsmål. I tillegg har leiarane for rettsavdelingane i utanriksdepartementa i observatørstatane Canada, Israel,

Japan, Mexico og USA, saman med folkerettsrådgjevarar frå FN, EU-kommisjonen, Interpol og NATO, delteke i møta. Ekspedisjonssjef Rolf Einar Fife i Utanriksdepartementet vart hausten 2008 vald til leiar i komiteen.

CAHDI er eit forum for meningsutveksling og samordning av synspunkt om aktuelle folkerettslege spørsmål. Komiteen drøftar folkerettslege spørsmål som er viktige for Europarådets mandat, med fokus på styrking av den internasjonale rettsordenen, den internasjonale rettspleia og menneskerettane. Sentralt på dagsordenen står viktige tema som er til behandling i hovudkomiteen for folkerettslege spørsmål i FNs generalforsamling, medrekna kodifikasjon og vidareutvikling av folkeretten i regi av FNs folkerettskommisjon.

CAHDI har drøfta og gjeve råd om forholdet mellom Europarådskonvensjonar og EU-rettslege forpliktingar. Komiteen gjennomfører og systematiserte gjennomgangar av atterhalda statar har teke til sentrale multilaterale traktatar. Slik kan ein samordne reaksjonane på uhaldbare atterhald, t.d. uspesifiserte reservasjonar til menneskerettstraktatar med tilvisning til nasjonal konstitusjon eller sharia (islamsk rett). Vidare drøftar komiteen aktuelle tema innanfor internasjonal humanitærrett, praksis frå Den europeiske menneskerettsdomstolen og Europarådets arbeid i den internasjonale kampen mot terror.

På oppmoding kjem CAHDI òg med erklæringar til Ministerkomiteen. Komiteen utarbeidde våren 2009 ei folkerettsleg vurdering av om enkelte effektivitetsfremjande prosedyrar frå protokoll 14 til Den europeiske menneskerettskonvensjonen kan takast i bruk mellomlands. Vurderinga var med på å danne grunnlaget for vedtaket av ein endringsprotokoll – protokoll 14bis – på Europarådets utanriksministermøte 12. mai 2009.

## 5.4 Internasjonal terrorisme

To nye Europarådskonvensjonar som har som formål å nedkjempe terrorisme, trådte i kraft i 2007 og står i sentrum for samarbeidet på dette feltet: konvensjonen om førebygging av terrorisme og konvensjonen om finansiering av terrorisme.

Konvensjonen om førebygging av terrorisme pålegg mellom anna statane å kriminalisere offentleg oppfordring til terrorhandlingar, rekruttering til terrorisme og opplæring i terrorhandlingar. Noreg bidrog aktivt til utarbeiding av konvensjonen. Frå norsk side har vi vore særleg opptekne av at arbeidet skal gje konkrete resultat, og

av å unngå at arbeidet til Europarådet og FN overlappar kvarandre. Konvensjonen tredde i kraft 1. juni 2007. Noreg undertekna konvensjonen 9. april 2008 og er no i ferd med å ratifisere han.

Kriminaliseringsforpliktingane i konvensjonen er i norsk rett gjennomførde i ein eiga fråsegn om oppfordring, rekruttering og opplæring til terrorhandlingar, jf. gjeldande straffelov § 147 c (vedteken og i kraft frå 3. desember 2008) og ny straffelov § 136 (vedteken ved lov av 7. mars 2008, ikkje i kraft).

Ifølgje konvensjonen skal partane rådføre seg med kvarandre med jamne mellomrom, mellom anna for å utveksle synspunkt på bruken av konvensjonen og for å kunne utarbeide forslag som kan leggje til rette for og betre den effektive bruken av og gjennomføringa av konvensjonen. Noreg tok del i den første konsultasjonsrunden som vart gjennomført i mai 2009.

Europarådet har oppnemnd ein eigen ekspertkomité for kamp mot terrorisme, CODEXTER. I CODEXTER deltek, i tillegg til medlemslanda i Europarådet, også enkelte andre statar (m.a. Canada og Mexico) og internasjonale organisasjonar (m.a. FN, EU, OSSE og OAS) som observatørar. Møta i komiteen fungerer som eit informasjonsutvekslingsforum mellom statar og med dei internasjonale organisasjonane som driv med antiterrorarbeid. Kampen mot terrorisme er eit viktig samarbeidsområde mellom Europarådet og OSSE.

CODEXTER har i lengre tid diskutert spørsmål knytte til bruken av Internett til terrorformål. I samband med det halvårlege møtet i gruppa i april blei det, i samarbeid mellom Europarådet og Organisasjonen for amerikanske statar (OAS), arrangert ein konferanse om bruk av Internett til terrorformål. I tillegg har CODEXTER i 2009 diskutert mellom anna utfordringar knytte til bruk av falsk identitet. Komiteen har òg arbeidd vidare med å samle og utveksle informasjon om korleis mellom anna kriminaliseringsforpliktingane i konvensjonen er følgde opp av medlemslanda. Dette gjeld ikkje minst kriminalisering av oppfordring til terrorhandlingar og forholdet til ytringsfridomen.

I juli 2009 fekk CODEXTER i oppgåve å sørje for effektiv bruk og gjennomføring av konvensjonen om førebygging av terrorisme i perioden mellom konsultasjonsrundane. Komiteen diskuterer no korleis det institusjonelle rammeverket, metoden og prosedyren for ein slik oppfølgingsmekanisme bør vere, og skal etter planen treffe ei avgjerd om etableringa av ein slik oppfølgingsmekanisme i første halvår av 2010.

Frå 1. januar 2010 er Noreg representert i byrået til CODEXTER for ein periode på to år.

## 5.5 Kampen mot korrupsjon

Regjeringa prioriterer verdssamfunnets kamp mot korrupsjon høgt. Korrupsjon kan ikkje akseptast i nokon form. Kampen mot korrupsjon er ei prioritert oppgåve for Europarådet. Korrupsjon er ein trussel mot dei verdiane Europarådet er grunnlagt på for å oppretthalde og vidareutvikle: demokrati, rettsstaten og menneskerettane. Noreg har ratifisert både Europarådets sivilrettslege konvensjon mot korrupsjon og den strafferettslege konvensjonen med tilleggsprotokoll.

GRECO – Group of States Against Corruption – er overvakingsorganet i Europarådet for den nasjonale gjennomføringa i medlemsstatane av organisasjonens antikorrupsjonsinstrument. GRECO vart etablert i mai 1999 som ein utvida delavtale og har i dag 47 medlemmer. Det vert arrangert 4–5 plenumsmøte per år. Justisdepartementet leier Noregs delegasjon til GRECO. GRECO er i dag eit etablert og velkjend organ i den internasjonale innsatsen for å nedkjempe korrupsjon.

GRECO er no i ferd med å gjennomføre den tredje evalueringsrunden. Tema for denne evalueringsrunda er kriminalisering av korrupsjon i samsvar med Europarådets strafferettslege konvensjon og innsyn i partifinansiering i samsvar med Europarådsrekommandasjon 2003/4 om felles reglar mot korrupsjon i finansieringa av politiske parti og valkampanjar.

Noreg vart evaluert av GRECO i 2009. Delrapport I omhandlar dei norske straffeføresegnene

mot korrupsjon. Hovudkonklusjonen frå GRECO er at føresegnene i straffelova (§ 276a, § 276b og § 276c) held ein høg standard og fullt ut oppfyller dei krava som følgjer av Europarådets strafferettslege konvensjon og tilleggsprotokollen. GRECO tilrår likevel at Noreg vurderer om det er ønskeleg å heve strafferamma for påverknadshandel (§ 276c) til ti år, slik at det vert opna for bruk av kommunikasjonskontroll, og vurderer å setje i verk passande tiltak for å unngå at skuldspørsmålet i saker om grov korrupsjon vert avgjort av jury. Tilrådingane inneber at spørsmåla skal vurderast på departementsnivå. Desse tilrådingane vert vurderte av Justisdepartementet.

Delrapport II, om innsyn i partifinansiering, munnar ut i seks tilrådingar. Tilrådingane krev at det vert gjeve større grad av innsyn i forhold som gjeld inntekter, utgifter, aktiva og gjeld i partia. Vidare omhandlar rapporten skjerpa krav til rapportering og verdsetjing av ikkje-pengemessige gåver og «politiske avtalar», sikring av revisors sjølvstende, etablering av eigna uavhengig tilsyn med partifinansiering og innføring av passande (fleksible) sanksjonar for brot på partifinansieringslova. Det vert òg tilrådd å vurdere å innføre ei plikt til å rapportere om inntekter og utgifter i samband med valkampanjar. Delrapport II vert følgd opp av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. Det vert no utarbeidd eit høyringsbrev (januar 2010).

I 2010 vil GRECO, i tillegg til å arbeide vidare med tredje evalueringsrunde, vurdere innhald og metodikk i fjerde evalueringsrunde. Det er venta at fjerde evalueringsrunde vil starte i 2011.

## 6 Helse og sosiale spørsmål

### 6.1 Folkehelse

---

Helsekomiteen (CDSP) har frå 2009 norsk leiar. Komiteen har i 2009 arbeidd vidare med oppfølginga av helseministerkonferansen i Bratislava i 2007 om migrasjon og mobilitet. CDSP markerte i 2009 at komiteen har vore i funksjon i 55 år. På plenumsmøtet i oktober 2009 vart det mellom anna drøfta korleis arbeidet i komiteen kan bidra til oppfølging av den strategiske planen for helserelatert arbeid i regi av Europarådet. Eit sentralt spørsmål er korleis arbeidet i CDSP kan fokusere på kjerneverdiane til Europarådet, i eit samspel ikkje minst med WHO og EU, ved å støtte aktivitetane til kvarandre utan å duplisere arbeidet.

Det vart i 2008 etablert ei ekspertgruppe på feltet mobilitet, migrasjon og tilgang til helsetenester (SP-MIG), som òg har norsk leiing. Ekspertgruppa arbeider for å påverke likskap i helsetenester og tilgang til helsetenester ut frå eit menneskerettssyn. SP-MIG skal utarbeide ein rapport om temaet, som skal sendast CDSP i byrjinga av 2010.

Europarådet legg vekt på kamp mot menneskesmugling, som omfattar visse aspekt av organ-donasjon og transplantasjon. Noreg leidde i 2009 komiteen for organtransplantasjon (CD-P-TO) under delavtalen for den europeiske farmakopeen (EDQM). Komiteen arbeider med å utvikle regelverk og retningslinjer på europeisk nivå for utvikling av tryggleik og kvalitet ved transplantasjon av organ, vev og celler, og har utarbeidd ei oppdatert handbok på dette feltet. Handboka er mykje brukt i det daglege donasjons- og transplantasjonsarbeidet. Komiteen har i 2009 òg arbeidd med å få oversikt over illegal transplantasjonsverksemd. Regelverket som EU utarbeider, byggjer i stor grad på arbeidet Europarådet gjer på dette området. Difor er det viktig for Noreg å delta på feltet.

I samband med avviklinga av delavtalen for folkehelse (CD-P-SP) i 2008 vart ekspertkomiteen for kosmetiske produkt og ekspertkomiteen for matkontaktmateriale lagd inn under delavtalen for den europeiske farmakopeen (EDQM). EDQM arbeider med ei rekkje legemiddelspørsmål. Kos-

metiske produkt er legemiddelnære, og materiale i kontakt med mat tilsvargar i stor grad materiale i kontakt med legemiddel. På kosmetikkområdet vart det i 2009 vedteke å vidareføre revisjonen av resolusjonen for permanent sminke og andre tatoveringsprodukt. Noreg føreslo mellom anna ein aktivitet relatert til problemet med resistens mot antibiotika. Bruk av ei rekkje stoff i kosmetikk kan bidra til problemet.

Ekspertkomiteen for matkontaktmateriale skal framover arbeide med retningslinjer som gjeld metall og andre materiale som vert brukte i slik emballasje, i tillegg til å risikovurdere råstoff som vert brukte i produksjonen.

Den nye komiteen for legemiddel og legemiddelbehandling (CD-P-PH) har som formål å sørje for pasienttryggleik og lik tilgang til legemiddel. Ekspertgruppene arbeider mellom anna med å vurdere reseptstatusen til legemiddel, med å forbetre legemiddelbehandlinga i befolkninga og med å forhindre forfalsking av legemiddel og annan legemiddelrelatert kriminalitet.

Det viktigaste arbeidet i komiteen for blodtryggleik (CD-P-TS) har vore å oppdatere retningslinjene for framstilling, bruk og kvalitetssikring av blodkomponentar, som vert brukte over hele Europa og i Australia og New Zealand. Dette arbeidet er viktig for det norske arbeidet med «Veileder for transfusjonstjenesten i Norge» (utgjeven av Helsedirektoratet). Arbeidet i CD-P-TS vert samordna med arbeidet i EU og WHO på blodområdet.

### 6.2 Bioetikk

---

Bioetikkomiteen (CDBI) behandlar spørsmål knytte til konvensjonen om menneskerettar og biomedisin (Oviedo-konvensjonen). Konvensjonen har som formål å verne om verdigheita og identiteten til alle menneske og å garantere integritet og andre grunnleggjande rettार i samband med biomedisin, medrekna biomedisinsk forskning. Oviedo-konvensjonen tredde i kraft i 1999 og vart ratifisert av Noreg i 2007.

CDBI markerte tiårsjubileet for Oviedo-konvensjonen med eit seminar hausten 2009. Noregs innlegg fokuserte på problemstillingar/lovendringar i samband med ratifiseringa av konvensjonen her i landet.

CDBI har utarbeidd fleire tilleggsprotokollar og tilrådingar som er knytte til konvensjonen. Noreg har i stor grad lege i forkant med å utarbeide regelverk på mange av dei aktuelle områda (behandlingsbiobanklova, bioteknologilova, lov om psykisk helsevern, transplantasjonslova, helseforskningslova m.m.). Likevel er handteringa og drøftinga i komiteen av etiske problemstillingar knytte til biomedisin av verdi for Noreg.

CDBI ferdigstilte i 2009 utkast til retningslinjer for arbeid i forskingsetiske komitear. Dokumentet er offentleggjort og opna for konsultasjon. CDBI har vidare sett på ulike problemstillingar knytte til bruk av prediktive data og prediktiv genetisk informasjon i samband med forsikring. Dei ulike problemstillingane skal oppsummerast og diskuterast vidare.

CDBI har i lengre tid diskutert om det er høve til å gjere om rekommandasjonen frå 2004 på området psykisk helsevern til eit juridisk bindande dokument. Denne tankegangen vert støtta av komiteen mot tortur (CPT) og menneskerettskomiteen (CDHH). Eit dokument med forslag til kva prinsipp som eventuelt skal vere med i denne protokollen, skal ferdigstillast i løpet av hausten 2010. Komiteen vil hausten 2010 arrangere eit seminar om avgjerder om livsforlengjande behandling ved livets slutt.

### 6.3 Narkotikasamarbeidet

Pompidougruppa er Europarådets tverrfaglege samarbeidsgruppe for narkotikaspørsmål på ministernivå. Regjeringa ser på Pompidougruppa som eit viktig forum for utveksling av informasjon og utvikling av tiltak, spesielt med tanke på samarbeidet på dette området mellom EU og dei europeiske landa som står utanfor EU.

Noreg har i 2009 delteke i styret i gruppa. Formålet med gruppa er å arbeide for nedkjemping av narkotikakriminalitet og -misbruk internasjonalt og bidra til å styrkje kampen mot narkotika innanfor det enkelte medlemslandet. Hovudvekt er lagt på arbeidet for å redusere tilbod og etterspørsel av narkotika. Gruppa arbeider for å betre kommunikasjonen mellom praksisfeltet, forskning og aktørane som deltek i politikkkutforming. Gruppa arbeider med behandling, førebygging, etikk,

rettshandheving, flyplassproblematikk og forskning i nært samarbeid med andre regionale og internasjonale organisasjonar.

I mai 2009 arrangerte ekspertgruppa for behandlingsspørsmål, som er leidd av Noreg, ein konferanse om retningslinjearbeid innanfor området behandling av rusmisbruk. Konferansen vart halden på Kypros og vart delfinansiert av Noreg.

Pompidougruppa har etablert undergrupper på særskilte område, medrekna på kriminalitetsområdet. Noreg har i denne gruppa presentert fleire prosjekt, m.a. om narkotikaprogram med domstolskontroll, tiltak mot uro på offentleg stad og behandling under tvangsliknande tiltak. Arbeidet skal presenterast for Pompidougruppa og for den neste ministerkonferansen.

### 6.4 Den reviderte europeiske sosialpakta

Sosialpakta er den viktigaste avtalen på det sosiale området i Europarådet. Den omfattar mellom anna rettane til barn og ungdom, familie- og likestillingsrettar, vern av organisasjonsfridom og retten til arbeid, retten til rettferdige og trygge arbeidsvilkår, vern av arbeidstakar ved opphøyr av arbeidsforhold, sikring mot sosial utestenging og retten til bustad. Noreg ratifiserte Den reviderte europeiske sosialpakta (av 1996) i 2001.

Noreg hadde tre saker til behandling i Regjeringskomiteen i 2009 på bakgrunn av Sosialrettskomiteens (tidlegare Ekspertkomiteens) rapport for 2008. Sakene gjaldt artikkane 10 og 15 i den reviderte sosialpakta.

I saka som gjeld artikkel 10 § 5, har Sosialrettskomiteen konkludert med at den norske situasjonen med omsyn til *utdanningsfinansiering* ikkje er i tråd med Sosialpakta, fordi borgarar frå andre land enn EØS-land som er parter i Sosialpakta, som lovleg oppheld seg eller regelmessig arbeider i Noreg, ikkje blir behandla på lik linje med norske studentar. Dei svenske og norske ordningane skil seg frå dei andre ordningane i Europa fordi sjølve utdanninga i Noreg og Sverige er gratis og studiestøtta gjeld støtte til livsopphald m.m. I tillegg har Noreg ei av dei mest sjenerøse ordningane i Europa ved at ein stor del av studielånet vert konvertert til stipend ved vanleg studieprogresjon for «bortebuarar». Noreg argumenterte med at det i ein slik situasjon bør vere høve til å ha visse krav om tilknytning til Noreg (m.a. arbeid i Noreg i to år) for borgarar frå land utanfor EØS-området som er partar i Sosialpakta. Komiteen

tok til etterretning den økonomiske/sosiale grunngevinga, og det vart ikkje gjeve nokon form for melding eller varsel til den norske regjeringa.

I saka som gjeld artikkel 15 § 1, har Sosialrettskomiteen konkludert med manglande samsvar med Sosialpakta fordi norsk antidiskrimineringslovgjeving som omfattar funksjonshemma sin *rett til utdanning*, ikkje blir vurdert som tilstrekkeleg. Det er vidare konkludert med manglande samsvar med artikkel 15 § 3 på bakgrunn av mangelfull lovgjeving om *tilgangen til bustad, transport, telekommunikasjon, kulturelle aktivitetar og fritidssyslar* for funksjonshemma. Den nye diskriminerings- og tilgjengelegheitslova som dekkjer desse områda, trådde i kraft 1. januar 2009. Etter ei utgreiing i Regjeringskomiteen om den nye lova og handhevingsordninga vart begge sakene sende til ei ny vurdering i Sosialrettskomiteen.

## 6.5 Sosial utjamning og sosialpolitikk

Den europeiske komiteen for sosialt samhøyr (CDCS) har i 2009 arbeidd med revisjon av strategien for sosialt samhøyr. Noreg ønskjer å styrkje arbeidet med sosiale rettar og menneskeleg verdigheit. I 2009 har CDCS òg ferdigstilt eit prosjekt om ekstrem fattigdom og fattige arbeidarar. Prosjektet er Europarådets bidrag til EUs europeiske fattigdomsår 2010.

Noreg deltok på ministerkonferansen i Moskva om sosialt samhøyr 26.–27. februar 2009. Te-

maet for konferansen var «*Investing in social cohesion: Investing in stability and the well-being of society*». Ministermøtet vedtok ei tilråding om at Europarådet bør utarbeide ein ny handlingsplan for sosialt samhøyr.

Ekspertkomiteen for trygd (CS-SS) skal overvake og gjennomgå rapporteringa frå medlemslanda om gjennomføringa av Europarådets instrument for standardsetjing på trygdeområdet, spesielt den europeiske kodeksen for sosial tryggleik. Komiteen skal vidare vurdere tolkingsspørsmål og andre spørsmål som gjeld Europarådets koordineringsinstrument på trygdeområdet. Noreg deltek i ei ekspertgruppe om sosial mobilitet (CS-CM).

Ein eigen handlingsplan for perioden 2006–2015 for personar med nedsett funksjonsevne vart vedteken av Ministerkomiteen i 2006. Det er etablert eit eige forum (CAHPAH) som følgjer opp handlingsplanen, der Noreg deltek. I tillegg har Noreg i 2009 vore vald inn i byrået for forumet. Noreg deltek vidare i to ekspertgrupper. Den eine ekspertgruppa om personar med nedsett funksjonsevne og aldring og eldre personar med nedsett funksjonsevne (CAHPAH – VPH) har avlevert sluttrapport i 2009. Den andre ekspertgruppa vart etablert i 2009 og skal utgreie medverknad for personar med nedsett funksjonsevne i det politiske og offentlege liv (CAHPAH – PPL). Det skal gjennomførast ei midtvegsevaluering av handlingsplanen i 2010.

## 7 Nasjonale minoritetar. Migrasjons- og integreringsspørsmål

### 7.1 Nasjonale minoritetar. Minoritetsspråk

---

Rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar utgjer grunnlaget for engasjementet til Europarådet på området. Formålet med konvensjonen er å hindre diskriminering og fremje full likestilling for nasjonale minoritetar, garantere organisasjons- og ytringsfridom og fremje kulturen deira. Rammekonvensjonen pålegg statane å rapportere til Europarådet om lovgjeving og andre tiltak som er gjennomførte for å setje prinsippa i rammekonvensjonen ut i live.

Arbeidet med Noregs 3. rapport om gjennomføringa av rammekonvensjonen vart starta hausten 2009. Frist for oversending til Europarådet er juli 2010.

Noreg deltek i ekspertkomiteen for spørsmål som gjeld personar med rombakgrunn (MG-S-ROM) og i ekspertkomiteen for nasjonale minoritetar (DH-MIN). I 2009 vart det vald norsk leiar i DH-MIN for 2010. Begge komiteane er viktige fora for erfaringsutveksling om politikktutforming, tiltak og god praksis i landa det gjeld.

Europarådet er òg engasjert i arbeidet med minoritetsspråk. Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk har som hovudformål å fremje bruken av minoritetsspråk eller språk som blir brukte i delar av eit land. Noreg sende inn den fjerde rapporten sin om oppfølging av denne

pakta 1. juli 2008. Merknadene frå Ekspertkomiteen vart vedtekne i oktober 2009 og vil bli behandla av Ministerkomiteen i 2010.

På heile dette området samarbeider Europarådet nært med OSSEs høgkommissær for nasjonale minoritetar.

### 7.2 Migrasjon og integreringsspørsmål

---

Styringskomiteen for integrerings- og migrasjonsspørsmål (CDMG) leier arbeidet med spørsmål knytte til integrering og innvandring. Komiteen hadde eitt møte i 2009.

Komiteen følgjer opp slutterklæringa frå den 8. europarådskonferansen for integrerings- og migrasjonsministrar i Kiev i 2008. I slutterklæringa frå konferansen vert Europarådet bede om å utvikle ei heilskapleg tilnærming til økonomisk migrasjon, utvikling og sosialt samhald.

Europarådet vart òg bede om å assistere medlemslanda i implementeringa av ei slik tilnærming gjennom utveksling av informasjon og opplæring. Som ein del av oppfølginga av slutterklæringa førebur komiteen tre utkast til rekommandasjonar for ministerrådet. Desse omhandlar høvesvis godkjenning av kunnskapane og erfaringane til innvandrarakvinner, politikk overfor innvandrarkvinner og politikk overfor eldre innvandrarakvinner.

## 8 Barn og ungdom

### 8.1 Barne- og familiepolitisk samarbeid

Hovudaktiviteten i det barnepolitiske samarbeidet er forankra i programmet «*Eit Europa for og med barn*». Ein ny strategi for innsatsområde i programmet for perioden 2009–2011 er utvikla med viktige bidrag frå Noreg. Ministerkomiteen slutta seg til strategien i november 2008. Hovudprioriteringa i strategien er å fremje barn og unges medverknad, eliminere alle former for vald mot barn, sikre at barns rettar vert tekne omsyn til innanfor alle politikkområde i Europarådet, medrekna familiepolitikken, og tryggje rettstryggleiken og rettsvernet for barn og unge på alle samfunnsområde.

Når det gjeld eliminering av alle former for vald mot barn, vart det i 2009 utarbeidd retningslinjer for nasjonale strategiar for vern av barn mot alle former for vald. Retningslinjene byggjer mellom anna på nasjonal politikk frå fire medlemsland, deriblant Noreg, tilrådingar frå FN's barnekomité og FN's verdsomspennande studie av vald mot barn. Noreg bidrog i tekstutforminga i ein eigen redaksjonskomité. Retningslinjene og strategien vart presenterte for medlemslanda i 2009 i eit nyetablert forum for barns rettar i regi av Europarådet. Retningslinjene vart vedtekne som tilråding av ministerkomiteen i november 2009. Noreg vil delta i forumet.

Mandatet for ekspertkomiteen for sosialpolitiske tiltak for familiar og barn (CS-SPFC) gjekk ut 30. juni 2009. Ekspertkomiteen har vore leidd av Noreg. Blant tiltaka komiteen avslutta i 2009, var ferdigstilling av ein ny database for familiepolitikk i 41 medlemsland, medrekna dei 27 EU-landa. Databasen er no tilgjengeleg på heimesida til Europarådet. Planen er at basen skal oppdaterast annakvart år. Han gjev ei god oversikt over mellom anna økonomiske ytingar og tenestemessige tiltak og ordningar for barnefamiljar. Det er òg laga dokument som inneheld komparativ analyse av medlemslandas familiepolitikk og djuptgåande studium av familiepolitikken i enkelte medlemsland.

Databasen, analysen av familiepolitikken og oppfølginga i medlemslanda av Europarådet's tilrå-

dingar nr. 5 (2005) *om rettane til born som bur i institusjon*, og nr. 19 (2006) om ein politikk for å støtte positivt foreldreskap vart presenterte på Europarådet's familieministerkonferanse i Wien i juni 2009. Hovudtemaet for konferansen var innverknaden dei økonomiske, kulturelle, personlege og sosiale faktorane har på fødselstala i medlemslanda. Noreg har sagt seg villig til å vere vertskap for den neste familieministerkonferansen, som etter planen skal finne stad i 2013.

På justisministerkonferansen i Lanzarote i oktober 2007 vart det vedteke ein resolusjon om barns rettar i møtet med rettsvesenet. Som følge av resolusjonen vart Europarådet bede om å utarbeide europeiske retningslinjer som skal ivareta barns rettar både i sivile og strafferettslege prosessar og i forvaltningsmessig samanheng.

I samband med dette er det oppretta ei ekspertgruppe med norsk deltaking. Oppgåva til ekspertgruppa er å utforme praktiske retningslinjer til dei respektive styresmaktene som byggjer på gjeldande konvensjonar og standardar, i tillegg til å finne og tette hol i vernet av barns rettar. Arbeidet med retningslinjene byrja våren 2009 og skal ferdigstillast frå ekspertgruppa si side sommaren 2010.

### 8.2 Ungdomspolitisk samarbeid

Arbeidet i Europarådet med ungdomspolitiske saker vert utvikla og gjennomført i nært samarbeid mellom medlemslanda, frivillige internasjonale barne- og ungdomsorganisasjonar, nasjonale ungdomsråd i medlemslanda og andre grupper som arbeider med barne- og ungdomsspørsmål internasjonalt. Denne samarbeidsforma set Europarådet i ei særstilling samanlikna med andre mellomstatlege organisasjonar. Samarbeidet mellom medlemslanda finn i første rekkje stad i styringskomiteen for ungdomsspørsmål (CDEJ), som omfattar alle dei 49 landa som har slutta seg til kulturkonvensjonen til Europarådet. Dei ikkje-statlege barne- og ungdomsorganisasjonane og andre relevante partnarar har ein eigen rådgjevande komité. Styringskomiteen og den rådgjevande komiteen



møtest i Felleskomiteen for å drøfte og ta avgjerder om hovudprioriteringane på barne- og ungdomsområdet.

I arbeidet på ungdomsområdet forvaltar Europarådet store ressursar gjennom drifta av ungdomssentra i Strasbourg og Budapest og ved fordeling av tilskot frå Det europeiske ungdomsfondet. Det er etablert ein eigen programkomité, med åtte representantar frå departementa som har ansvar for ungdomspolitikken i medlemslanda, og åtte representantar frå frivillig sektor representert ved internasjonale barne- og ungdomsorganisasjonar og nasjonale ungdomsråd. Gjennom dette såkalla co-management-systemet vert det avgjort kva organisasjonar som får gjennomføre kurs i ungdomssentra, og det vert fordelt midlar frå Det europeiske ungdomsfondet til ulike barne- og ungdomsprosjekt.

Europarådet har inngått ein samarbeidsavtale med EU-kommisjonen på ungdomsområdet. Avtalen omfattar tilbod om opplæring og leiartrening for europeisk ungdom, et samarbeid om forskning og kunnskapsinnhenting på barne- og ungdomsområdet og samarbeidet med dei ikkje-europeiske landa i Middelhavsområdet og Midtausten. Samarbeidsavtalen omfattar også prosjektet med ein europeisk kunnskapsdatabase om ungdoms situasjon i medlemslanda.

Europarådets 8. konferanse for ministrarar med ansvar for ungdomspolitikkk i Kiev, Ukraina, i oktober 2008 vedtok ei erklæring med retningslinjer og tilrådingar for Europarådets politikk på ung-

domsområdet. Erklæringa trekkjer spesielt fram den tverrsektorielle karakteren ungdomspolitikken har, saman med behovet for ei betre samordning av barne- og ungdomspolitikken i Europarådet. Vidare vert det lagt vekt på samarbeidet med Europakommisjonen på ungdomsområdet og den rolla dei to ungdomssentra og Det europeiske ungdomsfondet spelar som ungdomspolitiske verkemiddel. Det vart vedteke konkrete tilrådingar og retningslinjer på områda menneskerettar og demokrati, det mangfaldige samfunnet og sosial inkludering av ungdom i samfunnet. Ministerkomiteen følgde opp erklæringa med ein resolusjon om Europarådets ungdomspolitikkk, som vart vedteken 25. november 2008. Resolusjonen omfattar alle vesentlege punkt i erklæringa frå Ungdomsministerkomiteen.

I 2009 har Styringskomiteen for ungdomsspørsmål og Felleskomiteen drøfta korleis resolusjonen frå Ministerkomiteen skal gjennomførast i praksis. Gjennomføringa av Europarådets program «*Eit Europa for og med barn*» vart òg drøfta, og ungdomssektoren tok på seg ei spesiell rolle for å fremje barns medverknad i samfunnslivet og slutta seg til forslaget om å etablere ein rådgjevande ad hoc-komité på området barns og ungdoms medverknad. Felleskomiteen diskuterte òg evalueringa og oppfølginga av kampanjen «*All Different – All Equal*». Det er òg starta eit arbeid med å fornye og effektivisere prosessane med internasjonal evaluering av nasjonal ungdomspolitikkk i medlemslanda.

## 9 Idrett, kultur og media

### 9.1 Idrett

---

Europarådet er den einaste arenaen der styresmaktene i alle dei europeiske landa kan drøfte idrettspolitiske spørsmål. Europarådet har to konvensjonar på idrettsområdet, høvesvis om antidoping og kamp mot tilskodarvald. Noreg deltek fast i gruppene som overvaker oppfølginga i medlemsstatane av desse konvensjonane.

Noreg deltek òg i møta i ad hoc-komiteen med ansvar for å koordinere synspunkta til dei europeiske landa i saker som er knytte til Verdsantidopingbyrået (WADA). Utvikling av dialogen mellom europeiske styresmakter og WADA har vore eit sentralt tema òg i 2009. Samarbeidet ser no ut til å vere inne i eit konstruktivt spor.

Noreg er medlem av den utvida delavtalen for idrett (EPAS) som vart oppretta i 2007. EPAS omfattar no 32 land. Det mest sentrale for Noreg er den rolla EPAS spelar som arena for alleuropeiske idrettsministermøte og som forum for utvikling av politikk og standardar på idrettsfeltet.

Viktige oppgåver i 2009 har vore å følgje opp vedtaka frå den europeiske idrettsministerkonferansen i desember 2008 på områda etikk og automati i idretten, i tillegg til den vidare kursen for arbeidet i EPAS.

### 9.2 Kultur

---

Styringskomiteen for kultur (CDCULT) har i 2009 arbeidd med oppfølging av kvitboka til Europarådet om tverrkulturell dialog. Kvitboka er det viktigaste politiske dokumentet i organisasjonen på feltet tverrkulturell dialog. Her vert prioriteringane for Europarådet formulerte, og boka skal vere eit rettleiande verktøy nasjonalt, regionalt og lokalt. Den religiøse dimensjonen i den tverrkulturelle dialogen har fått plass i dokumentet. Det vert lagt vekt på verdien av tverrkulturell dialog som grunnlag for fred og berekraftig utvikling i Europa og naboregionane, i tillegg til i internasjonale samanhengar.

CDCULT har òg arbeidd med oppfølging av ministererklæringa som vart vedteken på kultur-

ministerkonferansen i Baku, Aserbajdsjan, i desember 2008. Det europeiske Wergelandsenteret i Oslo vert brukt i dette arbeidet med vekt på arbeid med tverrkulturell utdanning, menneskerettar og demokratisk medborgarskap.

Oslo by deltek i Europarådets prosjekt for tverrkulturelle byar der kulturelt mangfald vert brukt som ein strategisk ressurs for å stimulere kreativitet og innovasjon i byane i framtida.

CDCULT fortsette òg med arbeidet med å gå gjennom kulturpolitikken i medlemslanda og la særskilt vekt på tiltak for å fremje kulturelt mangfald.

Som eit ledd i oppfølginga av UNESCO-konvensjonen om kulturelt mangfald oppdaterer medlemslanda presentasjonane sine i Europarådets publikasjon over kulturpolitikken i medlemslanda, *www.culturalpolicies.net*. Kompendiet vert knytt direkte til oppfølginga av kvitboka om tverrkulturell dialog. Norsk kulturpolitikk er presentert i kompendiet.

CDCULT arbeidde vidare med å definere ein strategi for tverrkulturelt samarbeid blant medlemslanda, mellom Europarådet og aktuelle geografiske naboombude og for å vidareutvikle forholdet til andre internasjonale organisasjonar.

### 9.3 Media og nye kommunikasjonstenester

---

Medieutviklinga fører til stadig nye kommunikasjonstenester. Styringskomiteen har difor fått utvida mandatet sitt og fått namnet Styringskomiteen for media og nye kommunikasjonstenester (Steering Committee on the Media and New Communications Services, CDMC). Mediespørsmål vert òg behandla i m.a. Den faste komiteen for fjernsyn over landegrensene (T-TT), som er oppretta i kraft av ein særskilt konvensjon. Noreg deltek i desse komiteane og i ekspertkomiteen for nye media (MC-NM).

CDMC behandlar mediespørsmål først og fremst i ein menneskerettsleg samanheng. Komiteen skal bidra til eit europeisk samarbeid om media og nye kommunikasjonstenester for å verne

og fremje menneskerettane og grunnleggjande rettar, særleg yrings- og informasjonsfridomen i samfunn med kulturelt mangfald. CDMC skal ta omsyn til teknologiske, rettslege, politiske og økonomiske endringar som gjeld kommunikasjonstenester, m.a. i lys av globaliseringa.

CDMC har vurdert eit nytt tiltak for overvaking av yringsfridomen på mediefeltet. Det har ikkje vore stor tilslutning til ein omfattande overvakingsmekanisme, særleg pga. faren for overlapping med eksisterande organ. Noreg og fleire andre land har vore positive til at styringskomiteen utgreier om ein kan få til ei styrkt overvaking av vilkåra for yringsfridomen i form av ein enklare mekanisme som vert lagd til eit eksisterande Europarådsorgan. CDMC oppretta deretter ein ad hoc-komité med mandat til å utarbeide ein slik modell for overvaking av menneskerettane på mediefeltet. Mandatet inneber at det ikkje skal etablerast nokon nytt styringsorgan, men at overvakinga skal skje ved hjelp av eksisterande institusjonar.

Den nye modellen, som har fått tilslutning frå CDMC i 2009, vil innebere auka informasjonsinnhenting, koordinering og teknisk bistand. Ei ny eining i sekretariatet skal samle informasjon om utviklinga frå ulike kjelder (Menneskerettsdomstolen, menneskerettskommissæren, OSSE m.m.). Ministerkomiteen vedtok 13. januar 2010 ei erklæring om tiltak for å fremje respekt for artikkel 10 i menneskerettskonvensjonen. Generalsekretæren skal rapportere til Ministerkomiteen og Parlamentarikarforsamlinga om oppfølginga av overvakingssystema og skal presentere ei evaluering etter tre år.

Ein ministerkonferanse om mediespørsmål vart halden i Reykjavik 28.–29. mai 2009. Formålet med konferansen var mellom anna å utvide mandatet for arbeidet i Europarådet til å omfatte både media og nye kommunikasjonstenester. Konferansen samla 299 deltakarar, medrekna representantar frå europeiske og nasjonale ungdomsorganisasjonar, m.a. frå Noreg. Konferansen vedtok ei politisk erklæring, tre resolusjonar og ein aksjonsplan for verksemda til Europarådet dei næraste fire åra.

Det var knytt stor interesse til behandlinga av ein resolusjon om antiterrorlovgjeving og konsekvensar for yringsfridomen. Resolusjonen inneber at medlemslanda forpliktar seg til å gjennomgå lovgjeving og/eller praksis med jamne mellomrom for å sikre at antiterrorismetiltaka er i samsvar med Europarådet standardar for yrings- og

informasjonsfridomen. Russland reserverte seg mot dette punktet i resolusjonen.

Europarådskonvensjonen av 1989 om fjernsyn over landegrensene er ratifisert av 31 land, mellom anna Noreg. Den faste komiteen for fjernsynssendingar over landegrensene har utarbeidd eit forslag til endringsprotokoll for revisjon av konvensjonen. Forslaget er i hovudsak samanfallande med EU-direktivet om audiovisuelle medietenester. Forslaget er sendt til Ministerkomiteen, men saka er lagd til side pga. synspunkt frå EU. Kommisjonen viser til avgjerder i EF-domstolen (C-467/98 Open Skies) og uttaler i brev av 23. oktober 2009 til Europarådet at medlemslanda aleine ikkje kan inngå internasjonale avtalar på område som fell inn under EUs kompetanse. Saka vert no vurdert av sekretariatet i samarbeid med Kommisjonen.

Etter ministerkonferansen i Reykjavik i mai 2009 er det oppretta ein ny ekspertkomité med fokus på framveksten av nye medium og rolla dei har og vil få i det nye informasjonssamfunnet. Den overordna dagsordenen for komiteen (MC-NM) er å undersøkje om definisjonen av media og kommunikasjonstenester, med tanke på framveksten av nye medium som for eksempel sosiale medium, kan vere uendra i det nye informasjons- og kommunikasjonssamfunnet. Komiteen skal mellom anna utgreie korleis Europarådet standardar som er utvikla for tradisjonelle medium, kan brukast når det gjeld nye medium. Ekspertkomiteen skal vidare undersøkje kva utfordringar som er knytte til yringsfridom, privatliv og andre grunnleggjande rettar på Internett for den enkelte, og spesielt for barn og unge.

Under CDMC vart det i 2009 òg oppretta ein ny rådgjevande komité som skal vurdere nærståande rettar for kringkastarane og eventuelt utarbeide eit utkast til konvensjon. Bakgrunnen er m.a. at medlemslanda i Verdsorganisasjonen for immaterialrett (WIPO) ikkje har klart å verte samde om substansen i eit tilsvarende globalt rettsleg instrument, medan nær sagt alle europeiske land har vore positivt innstilte. Noreg har støtta initiativet om eit rettsleg instrument om vern av rettane kringkastarane har til eigne sendingar, kringkastingssignal m.m., men meiner som mange andre land at det er avgjerande at EU støttar arbeidet med ein konvensjon i regi av Europarådet.

Ministerkomiteen vedtok i 2009 ei tilråding om vern av barn mot skadeleg innhald på informasjons- og kommunikasjonfeltet. Ministerkomi-

teen vedtok i 2009 òg ei tilråding til medlemslanda om nasjonal filmpolitikk og kulturelt mangfald.

Noreg ratifiserte i 2009 den europeiske konvensjonen om samproduksjon av film (ETS 147).

Norsk deltaking i konvensjonen vil gjere det enklare for norske filmprodusentar å samarbeide om produksjonar med andre europeiske produsentar.

## 10 Utdanning og forskning

Samarbeidet på utdannings- og forskingsområdet i Europarådet skjer i regi av to styringskomitear, ein for utdanning (CDED) og ein for høgare utdanning og forskning (CDESR).

### 10.1 Høgare utdanning og forskning

Styringskomiteen for høgare utdanning og forskning (CDESR) har tre sentrale arbeidsområde: internasjonal godkjenning av høgare utdanning, Bologna-prosessen og konkrete prosjekt. Særleg dei to førstnemnde er viktige for Noreg.

Godkjenningsarbeidet er basert på UNESCO-/Europarådskonvensjonen om godkjenning av kvalifikasjonar når det gjeld høgare utdanning i Europaregionen (Lisboa-konvensjonen). Konvensjonen er heilt sentral for arbeidet med utvikling av politikk og verktøy for godkjenning av høgare utdanning mellom landa i Europa – og i praksis og andre verdsdelar. Den rivande internasjonale utviklinga i høgare utdanning gjer at det stadig må utviklast nye supplerande tekstar til konvensjonen.

Bologna-prosessen har 46 deltakarland. Det er no vedteke at målet om å gjennomføre eit europeisk rom for høgare utdanning innan 2010 skal forlengjast til 2020. Europarådet bidreg på fleire måtar: ved å delta i den internasjonale oppfølgingsgruppa (*Bologna Follow-up Group*), ved å utarbeide grunnlagsdokument og ved å assistere landa i Sør- og Aust-Europa gjennom rådgjeving og eigne ministermøte. Sidan ministermøtet i Bologna-prosessen i London i 2007 har i tillegg Europarådet koordinert erfaringsutveksling om utviklinga av nasjonale kvalifikasjonsrammeverk mellom deltakarlanda.

Styringskomiteen for høgare utdanning og forskning starta i 2007 eit såkalla flaggskipsprosjekt om rolla universiteta spelar i skjeringspunktet mellom humanisme og marknad. Det har vorte halde fleire konferansar for å kaste lys over ulike problemstillingar i prosjektet, som held fram ut 2010.

Komiteen har også prosjekt om tverrkulturell dialog og andre tema som er viktige for det tverr-

gåande arbeidet i Europarådet, som ansvaret høgare utdanning har for å fremje ein demokratisk kultur.

For å gjere arbeidet i komiteen meir synleg har CD-ESR dei siste åra arrangert ein årleg konferanse i serien Council of Europe Higher Education Forum og – sidan 2004 – publisert resultata av arbeidet sitt i bokserien Council of Europe Higher Education Series.

### 10.2 Skule og opplæring

Styringskomiteen for utdanning (CDED) har ansvar for samarbeidet om skule og opplæring. Språkopplæring, historieundervisning, opplæring i demokrati, menneskerettar og tverrkulturell dialog er viktige område innanfor dette samarbeidet. Noreg har delteke aktivt og støttar opp om aktivitetane til Europarådet på desse områda. Eit viktig prosjekt har i denne perioden vore arbeidet med eit europeisk charter om opplæring i demokratisk medborgarskap og menneskerettar, som etter planen skal vedtakast i 2010.

Noreg betalar eit årleg grunntilskot og deltek i verksemda til det europeiske senteret for moderne språk (European Center for Modern Languages – ECML) i Graz. Arbeidet i regi av språksenteret vert organisert som prosjekt i tematiske fireårsprogram. Hovudtema i programmet for 2008–2011 er fleirspråksbruk, kontinuitet i opplæringa og innhald og opplæring i andre fag gjennom framandspråk. Dei viktigaste målgruppene og deltakarane er lærarutdannarar, forskarar og personar som på annan måte er involverte i utviklingsarbeid og nettverk innanfor framandspråk-opplæring. Norske ressurspersonar deltek på ulike nivå i utviklingsprosjekta i regi av ECML. Noreg har bidrege økonomisk til Europarådets prosjekt «*Languages policies and the right to equality education for all*».

Noreg deltek i prosjektet «*The Image of the Other in History Teaching*» som vart avslutta i 2009. Målet for prosjektet var tredelt: å føreslå generelle retningslinjer for utvikling av historieundervisning innanfor rammeverket for tverrkultu-

rell dialog, å føreslå strategiar, metodar og instrument for å bruke desse generelle retningslinjene i spesifikke prosjekt og å kome med forslag om opplæringa til involverte i læringsprosessen innanfor historiefaget. Det vart halde ei rekkje seminar på europeisk nivå i samanheng med prosjektet, og Det europeiske Wergelandsenteret har hjelpt til med å arrangere en konferanse for lærarar. Noreg har bidrege økonomisk til sluttkonferansen som skal heldast i 2010. Noreg har òg bidrege økonomisk til prosjektet «*Shared histories – for a Europe without dividing lines*».

Noreg har delteke aktivt i prosjektet «*Policies and Practices for Teaching Socio-Cultural Diversity*» og støtta prosjektet både økonomisk og fagleg. Prosjektet vart leidd av den norske professoren Anne Lise Arnesen ved Høgskulen i Østfold. Prosjektet vart ferdigstilt i 2009, med ein oppsummerande avslutningskonferanse i Oslo 26.–28. oktober 2009.

Europarådets arbeid med prosjektet «*Lære gjennom historia (Teaching Remembrance)*» er eit viktig felt innanfor arbeidet med opplæring i menneskerettar og demokratisk medborgarskap. Noreg støttar arbeidet til Europarådet på dette området.

Utdanningsdirektoratet har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet arrangert skrivekonkurransen til Europarådet «*How do you imagine the European citizen in the future?*» i samband med 60-årsjubileet til Europarådet. Målgruppa var ungdom i vidaregåande opplæring. Vinnaren av konkurransen deltok under markeringa av 60-årsjubileet til Europarådet i Strasbourg.

### 10.3 Det europeiske Wergelandsenteret

Noreg og Europarådet har samarbeidd om å opprette *Det europeiske Wergelandsenteret* (EWC), et ressurscenter for medlemsstatane til Europarådet når det gjeld opplæring i tverrkulturell forståing, menneskerettar og demokratisk medborgarskap. EWC, som er lokalisert i Oslo, starta arbeidet i februar 2009.

Senteret er organisert som ei eiga stifting, med grunnfinansiering frå Noreg. I samsvar med vedtektene for stiftinga har Kunnskapsdepartementet ein liaisonoffiser som skal fungere som eit bindeledd mellom departementet og senteret. Gjennom denne ordninga har departementet vore i nær kontakt med senteret og hatt fagleg utbytte av arbeidet til senteret.

29.–30. mai 2009 vart det arrangert opningskonferanse i Oslo som samla 140 politikarar og ekspertar frå Europa og Midtausten. Temaet for konferansen var «*Building Bridges: Education for Intercultural Understanding, Human Rights and Democratic Citizenship, from Policy to Practice*». Konferansen hadde deltaking på høgt politisk og administrativt nivå, både nasjonalt og internasjonalt.

I samarbeid med Europarådet har det hausten 2009 vore arrangert lærarutdanningsseminar om historieundervisning, «*The Image of the Other in History Teaching*», og om demokratisk skuleleiing, «*Democratic School Governance*». Senteret er i gang med å byggje opp ein nettverksdatabase for ekspertar på områda menneskerettar, demokratisk medborgarskap og tverrkulturell forståing. Dette arbeidet vil bli avslutta i 2010.

## 11 Kulturminneforvaltning og naturforvaltning

Styringskomiteen for kulturarv og landskap (CD-PATEP – Steering Committee for Cultural Heritage and Landscape) arbeider med den fysiske kulturarven i Europa, medrekna landskap, kulturmiljø og kulturminne. Styringskomiteen CDPATEP har ansvar for fire konvensjonar:

- Granada-konvensjonen (*Convention for the Protection of the Architectural Heritage of Europe*, Granada, 1985)
- Valletta-konvensjonen (*Convention for the Protection of the Archaeological Heritage of Europe (revised)*, Valletta, 1992).
- Den europeiske landskapskonvensjonen (*The European Landscape Convention*, Florence, 2000)
- Rammekonvensjonen om verdien av kulturarv for samfunnet (*Framework Convention on the Value of Cultural Heritage for Society – FARO-konvensjonen*, 2005).

Noreg slutta seg til Den europeiske landskapskonvensjonen i 2001, som det første av medlemslanda i Europarådet. Konvensjonen gjev ei ny forståing av landskapet som leveområde for menneske og tema for demokratisk debatt. Iverksetjinga av konvensjonen i Noreg bidreg til å fremje livskvalitet og helse, det lokale sjølvstyret, berekraftige og livskraftige lokalsamfunn og attraktive stader som stimulerer skaparevna og tiltakslysten. Gjennom det europeiske samarbeidet får Noreg informasjon og inspirasjon frå andre land. Gjensidig bistand og informasjon er basert på frivillige bidrag. Det er etablert eit nordisk nettverk med økonomisk støtte frå Nordisk Ministerråd.

Rammekonvensjonen om verdien av kulturarven for samfunnet (FARO-konvensjonen) vart ratifisert av Noreg 27. oktober 2008. Konvensjonen er nyskapande og tek fatt i dei samfunnsmessige verdiane i kulturarven. Han understrekar at kulturarven skal takast vare på fordi han fyller viktige funksjonar i samfunnet som grunnlag for sosial, kulturell og økonomisk utvikling der berekraft står sentralt. Konvensjonen knyter utnyttinga av kulturarven opp mot demokratibygging og forsø-

kjer å bygge vern mot misbruk av kulturminne i konflikhtar. Ved utgangen av 2009 hadde i alt 8 land ratifisert konvensjonen, som trer i kraft ved ti ratifikasjonar. Noreg ved Riksantikvaren har bidrege til ei bok om FARO-konvensjonen som vart lansert i Portugal i november 2009.

Når det gjeld naturforvaltning, er Bernkonvensjonen sentral (*Convention on the Conservation of European Wildlife and Natural Habitats*, Bern 1979). Formålet med konvensjonen er å verne om ville dyr og planter i Europa, i tillegg til leveområda deira. EU, dei aller fleste andre europeiske land (mellom andre Noreg) og enkelte afrikanske land har tiltredd konvensjonen. Innanfor Bernkonvensjonen samarbeider landa om aktuelle og viktige miljøspørsmål som gjeld fleire land. Viktige tema for samarbeidet no er m.a. handteringa av framande, skadelege plante- og dyreartar og konsekvensane av klimaendringar for det biologiske mangfaldet.

For å kunne følgje opp ministerkonferansane til FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE) når det gjeld tema biologisk mangfald og naturforvaltning, vart det i 1995 starta eit samarbeid mellom Europarådet og FNs miljøprogram (UNEP) som omfattar frivillige organisasjonar. Dette er eit ledd i oppfølginga av den såkalla pan-europeiske strategien for biologisk mangfald og landskapsvern.

Resolusjonen om biologisk mangfald som vart vedteken på ministerkonferansen «*Environment for Europe*» i Kiev i 2003, er retningsgjevande for arbeidet i styringskomiteen. Resolusjonen set konkrete mål for korleis tapet av det biologiske mangfaldet skal stansast innan 2010. På ministerkonferansen til UNECE i Beograd i oktober 2007 vart målsetjingane frå Kiev følgde opp gjennom ministererklæringa og ei eiga erklæring om biologisk mangfald.

Noreg bidreg økonomisk til fleire store prosjekt for å sikre biologisk mangfald på Balkan og i Sør-Kaukasus. Prosjekta vert evaluerte kontinuerleg, mellom anna med tanke på erfaringsoverføring til andre land i regionen.

## 12 Regionalt og kommunalt samarbeid

Den europeiske komiteen for lokalt og regionalt demokrati (CDLR) arbeider med lokalt sjølvstyre, kommunal økonomi og forvaltning og den statlege styringa av kommunesektoren. Komiteen har ein god dialog med Europarådets kongress for lokale og regionale styresmakter. I 2009 omfatta arbeidet mellom anna demokratisk medverknad, reformer på regionalt nivå, erfaringar med modeller for interkommunalt samarbeid og tiltak for å dempe verknadene av finanskrisen.

Noreg var representert på Europarådets 16. konferanse for ministrar med ansvar for lokalt og regionalt demokrati i Utrecht, Nederland, 16.–17. november 2009. Hovudtemaet for konferansen var godt lokalt og regionalt styresett i turbulente tider og behovet for forandringar. Den finske ministeren Mari Kiviniemi la fram ein rapport om korleis arbeidet i Europarådet med lokalt og regionalt demokrati kan betrast. Konferansen vart samd om ein felles europeisk handlingsplan for arbeidet med godt styresett på lokalt og regionalt nivå for dei komande åra. Sentrale element er at Europarådet må møte utfordringa gjennom å bli meir synleg for innbyggjarane heime, at medlemslanda må utvikle sterkare eigarskap og samarbeidsformer i nettverk på alle styringsnivå, òg på tvers av land, at organisasjonen må bli meir open, og at interne samarbeidsformer, fleksibilitet og effektivitet må betrast. Det må utviklast ein gjennomgåande kommunikasjonsstrategi for arbeidet med lokalt og regionalt demokrati for å lukkast med dette.

Før årsskiftet 2009 vart det utarbeidd ein kommunikasjonsstrategi med tiltaksliste for arbeidet i Europarådet med lokalt og regionalt demokrati. Noreg vil i 2010 vere ein pådrivar i arbeidet med oppfølging av kommunikasjonsstrategien og synleggjeringa av arbeidet til Europarådet på dette feltet, både heime og ute.

På ministerkonferansen i Utrecht underteikna Noreg *tilleggsprotokollen til charteret for lokalt sjølvstyre om retten til medverknad i sakene til lokale styresmakter*. Protokollen vart ratifisert av Noreg 16. desember 2009. Tilleggsprotokollen representerer ei fornying av det europeiske charteret for lokalt sjølvstyre ved at det tek opp forholdet

mellom lokalforvaltninga og innbyggjarane. Protokollen fastlegg prinsippet om at innbyggjarane har rett til medverknad som ein individuell rett, og pålegg medlemsstatane å leggje til rette for slik medverknad gjennom ulike tiltak. Dette kan m.a. være informasjonstiltak, etablering av prosedyrar for å involvere innbyggjarane, ordningar for innsyn i dokument hos lokale styresmakter og mekanismar for handtering av klagar.

Noreg er pilotland i 2009–2010 for implementering av strategien for innovasjon og godt styresett. Arbeidet siktar mot at det skal etablerast ein årleg europeisk pris for innovasjon og godt styresett til kommunar som oppnår gode resultat og utvikling. Arbeidet vert leidd av den felles plattform for strategien for innovasjon og godt styresett på lokalt nivå (*Stakeholders' Platform on the Strategy for Innovation and Good Governance*). Her er Ministerkomiteen, Parlamentarikarforsamlinga, Kongressen for lokale og regionale styresmakter, Konferansen for frivillige organisasjonar og CDLR representert. Strategien inneheld tolv prinsipp for godt styresett. I verktøyet for eigenevaluering er det utvikla indikatorar for kvart av dei tolv prinsippa, som kommunen sjølv skal vurdere seg opp mot. Det vert òg stilt spørsmål til politikarane og innbyggjarane om resultatane i kommunen.

Noreg testa verktøyet i Sørums kommunen i 2009 og vil fortsetje utprøvinga i dei norske pilotkommunane i 2010. Seks pilotland deltek og har starta eit oppfølgingsarbeid: Belgia, Bulgaria, Italia, Nederland, Noreg og Ukraina. I Noreg har KS hovudansvaret for prosjektet i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet. Europarådets senter for ekspertise på lokalreformer utfører sekretariatsoppgåver og stiller til disposisjon verktøy og metodar.

Senteret for ekspertise på lokalreformer vart oppretta i 2006 som eit prøveprosjekt og vart i 2008 vedteke vidareført på permanent basis. Senteret har eit rådgjevande styre der Kongressen for lokale og regionale styresmakter i Europarådet og CDLR er representerte, med ein norsk representant. Senteret arbeider med prosjekt som skal styrkje kapasiteten i kommunesektoren i arbeidet med leiarskap, offentleg etikk, tenesteyting og



innbyggjarane sin medverknad i lokale avgjerdsprosessar.

Forum for demokratiets framtid arrangerte den femte sesjonen sin 21.–23. oktober 2009 i

Kiev, Ukraina, med hovudtemaet «Valsystem: styrking av demokratiet i det 21. hundreåret». Forumet samla 400 deltakarar.

## 13 Dyrevern

Til grunn for arbeidet med dyrevern i Europarådet ligg ønsket frå medlemslanda om ein samordna innsats for å vareta dyrs helse og velferd ved produksjon, transport og bruk av dyr. Utgangspunktet er prinsippet om at vi har eit etisk ansvar for at dyrs helse og velferd ikkje vert utsett for unødig risiko der det er nødvendig å bruke dyr.

Europarådet har sidan 1960-tallet utforma fem konvensjonar som omhandlar dyrevern, og Noreg har ratifisert alle. Konvensjonane fungerer som referansepunkt ved utforminga av mange nasjonale lovverk og for relevante delar av EU-regelverket. Under konvensjonen for vern av produksjonsdyr er det oppretta ein fast komité (T-AP) som utarbeider nye og harmoniserer eksisterande tilrådingar for etiske standardar ved hald av ei rekkje artar.

Det årlege møtet i T-AP vart i 2009 halde 1.–3. desember. Noreg er representert ved Mattilsy-

net. For tida arbeider komiteen mellom anna med å utforme egne standardar for oppdrettsfisk. Det er gjort klart at det er usikkert om komiteen kan oppretthaldast, på grunn av dårleg økonomi og manglande personalressursar. Arbeidet med å vedta nye tilrådingar kan tidvis trekkje ut, noko som delvis skuldast manglande ressursar i sekretariatet for komiteen.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 30. april 2010 om Noregs deltaking i Europarådet i 2009 vert send Stortinget.

## Vedlegg 1

# Innlegg av utanriksminister Jonas Gahr Støre på det 119. ministermøtet i Europarådet, Madrid 12. mai 2009

### *Innlegg i debatten om Europarådets verksemd og prioriteringar*

President,

La meg få takke Spania – og deg personleg – for den svært gode jobben den spanske formannskapet har gjort. No ser vi fram til å samarbeide nært med den påtroppande slovenske formannskapet, på same måte som med Miguel Ángel Moratinos.

For 60 år sidan underteikna ti land Londontraktaten, og Noreg var eitt av dei. Vi starta på eit ambisiøst prosjekt der vi ville styrkje demokratiet, rettsstaten og respekten for menneskerettane i heile Europa.

Seks tiår seinare har vi mykje å feire – og å fokusere på, men vi må sjå framover. La meg få kome spesielt inn på tre område.

Først har vi sjølve kjerneområdet for organisasjonen: grunnleggjande verdiar og menneskerettar.

Vi har oppretta ei imponerende samling standardar på europeisk plan. Dette har vore med på å leggje grunnlaget for europeisk integrering. Det er likevel mykje arbeid som står att før vi har nådd ambisjonen vår om å gjere demokrati og menneskerettar til ein realitet i heile Europa.

Den europeiske menneskerettsdomstolen er ein hjørnestein i systemet for vern om menneskerettane. Difor er det stadig aukande etterslepet av saker ved domstolen ein alvorleg trussel mot effektiviteten og truverdet til heile systemet.

På denne bakgrunnen vil Noreg samtykkje i at enkelte prosedyrar i protokoll 14 vert midlertidig sette i verk, slik at domstolen får auka kapasitet. Eg meiner at situasjonen krev resolutt handling. Vi må òg sikre at heile protokoll 14 vert sett i verk. Og vi må i tillegg vedta andre tiltak, sidan det er klart at protokoll 14 i seg sjølv ikkje er tilstrekkeleg.

Konflikten i Georgia og konsekvensane av konflikten krev òg handling frå Europarådet si side. Vi set stor pris på engasjementet til Menne-

skerettskommisæreren og verdset dei konstruktive forslaga frå Generalsekretæren. Vi er uroa over mangelen på tilgang til områda som er ramma av konflikten, og oppmodar alle partar om å gje internasjonale organisasjonar fri tilgang.

Det andre området er tryggleik.

Det første møtet mellom partane i konvensjonen om førebygging av terrorisme vart halde i dag, og vi vert minna om det forferdelege terroristangrepet i Madrid i juni 2004.

Det er når vi vert sette på dei hardaste prøvene at det er vanskelegast å vere trufast mot kjerneverdiane våre. Men då er det endå viktigare å sikre at tiltaka vi gjennomfører, er i tråd med pliktene våre etter folkeretten.

Det tredje området er sjølve organisasjonen.

På toppmøtet i Warszawa i 2005 konkluderte vi med at reform av organisasjonen er eit høgt prioritert område. Utfordringa er å sikre at vi arbeider effektivt, samtidig som vi gjer Europarådet meir politisk relevant. Vi er no på veg mot å nå dette målet.

Dette krev klarare politisk prioritering og fokus, i tillegg til pragmatiske partnerskap med andre regionale og internasjonale organisasjonar.

Den neste generalsekretæren skal veljast i juni. Noreg meiner at vi no treng ein sterk og visjonær leiar. Vi må sikre at Rådet hentar ut heile potensialet sitt og held fram med å vere politisk relevant i Europa.

Dette er grunnen til at Noreg har nominert vår tidlegare statsminister og utanriksminister og noverande stortingspresident, Thorbjørn Jagland, som kandidat til stillinga som generalsekretær. Eg er overtydd om at Jagland er den leiareren Europa og denne organisasjonen treng.

Eg har sterk tru på framtida for denne organisasjonen. I dag må vi vere like dristige, visjonære og viljefaste som leiarane som grunnla Europarådet for to generasjonar sidan. Og vi må arbeide iherdig for å nå målet vi har sett oss: eit demokratisk og samla Europa.

*Innlegg i debatten om nominasjon av kandidatar til generalsekretærstillinga*

La meg gjere det klart heilt frå starten av at Noreg har ein kandidat. Eg har ei prinsipiell tilnærming til dette. For det første trur eg det er opplagt for alle at mykje kan gjerast for å betre kommunikasjonen mellom ministrane og parlamentarikarane. Eg meiner at den nye generalsekretæren må vie merksemda si til dette, og det må vere ein del av reformprosessen i denne viktige organisasjonen.

Når dette er sagt, er eg ikkje samd med min belgiske kollega. Eg meiner at prosessen som vart sett i gong med brevet frå Carl Bildt, har vore open og i samsvar med regelverket. Ministerrepresentantane har gjort det heilt klart ved to høve at dei har føreslått to kandidatar til generalsekretærstillinga som vil bli førelagde for parlamentarikarane i juni. For første gong har dei brukt kriteria som vart definerte av statsminister Juncker. Dette har dei gjort på grunnlag av fire førsteklasses kandidatar etter at dei hadde intervjuar alle fire. Avgjerdene var heilt klare når det gjeld røystetalet, og dette meiner eg gjer at utvalet av kandidatar tydeleg uttrykkjer synspunkta til regjeringane som er representerte i Europarådet.

La meg ganske enkelt få seie at den spanske formannskapet har samanfatta situasjonen svært

godt. Eg vil få lov til å sitere det formannen sa i samband med dette for nokre dagar sidan. Formannen merkte seg at fleirtalet i komiteen ikkje såg nokon grunn til å gå gjennom resolusjonsforslaget frå ministerkomiteen som vart godkjend på det 1055. møtet, og som skal leggjast fram for ministrane i Madrid. Resolusjonsforslaget fekk oppslutning frå eit stort fleirtal som støtta dei to kandidatane som vert nemnde i forslaget, slik at det ikkje er tvil om komiteen sitt syn på dei ulike kandidatane. Vidare samla komiteen seg om resolusjonsforslaget med full respekt for det gjeldande regelverket og med bruk av forrettane sine.

Eg er einig med formannen, og eg meiner at det vi no skal drøfte, er ambisjonen regjeringane våre har hatt dei siste åra om å gje generalsekretæren høgare prestisje og ei sterkare røyst ved å ta med og bruke kriteria som statsminister Juncker har føreslått. Her er det rett nok ikkje snakk om vitskapelege kriterium, men eg trur at representantane våre, sannsynlegvis med instruksjonar frå hovudstadane, har gjort synspunkta sine godt kjende i desse to drøftingane. Eg er difor imot endringar til dette forslaget, og eg føreslår at ministrane står ved avgjerda og sender desse to namna vidare til parlamentarikarane i juni.

Takk, president.

**Vedlegg 2****Norsk tilmelding til Europarådskonvensjonar i 2009***Underteikning*

27. mai 2009: Protokoll nr. 14bis til konvensjonen om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane ETS 204.

18. juni 2009: Europarådskonvensjon om innsyn i offentlege dokument ETS 205.

9. juli 2009: Europeisk konvensjon om samproduksjon av film ETS 147.

16. november 2009: Tilleggsprotokoll til det europeiske charteret for lokalt sjølvstyre om retten til medverknad i sakene til lokale styresmakter ETS nr. 207.

*Ratifikasjon og tiltreding*

27. mai 2009: Protokoll nr. 14bis til konvensjonen om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane ETS 204.

4. juni 2009: Europeisk konvensjon om statsborgarskap ETS 166

9. juli 2009: Europeisk konvensjon om samproduksjon av film ETS 147.

11. september 2009: Europarådskonvensjon om innsyn i offentlege dokument ETS 205.

16. desember 2009: Tilleggsprotokoll til det europeiske charteret for lokalt sjølvstyre om retten til medverknad i sakene til lokale styresmakter ETS nr. 207.

---

**Vedlegg 3****Generelle tilrådingar frå Ministerkomiteen  
til medlemsstatane i 2009**

Rec (2009) 13E / 09. desember 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om barns nasjonalitet.

Rec (2009) 12E / 09. desember 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om prinsipp for sakna personar og personar ein reknar med er døde.

Rec (2009) 11E / 09. desember 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om prinsipp for framtidfullmakter m.m.

Rec (2009) 10E / 18. november 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om integrerte nasjonale strategiar for å verne barn mot vald.

Rec (2009) 9E / 21. oktober 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om opplæring og sosial inkludering av barn og unge med autisme.

Rec (2009) 8E / 21. oktober 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om full deltaking for alle gjennom universell utforming.

Rec (2009) 7E / 23. september 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om nasjonal politikk for filmproduksjon og mangfald av kulturelle ytringar.

Rec (2009) 6E / 8. juli 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om aldring og funksjonshemming i det 21. hundreåret: eit berekraftig rammeverk som sikrar betre livskvalitet i eit inkluderande samfunn.


Rec (2009) 5E / 8. juli 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om tiltak for å verne barn mot skadeleg innhald og framferd og for å fremje aktiv deltaking i det nye informasjons- og kommunikasjonssamfunnet.

Rec (2009) 4E / 19. juni 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om utdanning for romfolket og dei reisande i Europa.

Rec (2009) 3E / 20. mai 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om overvaking av vern om menneskerettane og verdigheit for mentalt sjuke.

Rec (2009) 2E / 11. mars 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om evaluering og overvaking av medverknad og politikk for medverknad på lokalt og regionalt nivå.

Rec (2009) 1E / 18. februar 2009. Tiltråding frå Ministerkomiteen til medlemsstatane om elektronisk demokrati (e-demokrati).





Offentlege institusjonar kan tinge fleire  
eksemplar frå:  
Servicesenteret for departementa  
Post og distribusjon  
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no  
www.publikasjoner.dep.no

Opplysningar om abonnement, laussal og  
pris får ein hjå:  
Fagbokforlaget  
Postboks 6050, Postterminalen  
5892 Bergen  
E-post: offpub@fagbokforlaget.no  
Telefon: 55 38 66 00  
Faks: 55 38 66 01  
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på  
www.regjeringa.no

Omslagsillustrasjon:  
Bileta på forsida er utlånte av Europarådets fotoarkiv

Trykk: Lobo Media AS – 04/2010

